

FØREORD

Rapport- og plandokumentet 2010-2011 er utarbeidd i samsvar med retningsliner frå departementet. Dokumentet har vore handsama i høgskolestyret i tre møte hausten 2010/våren 2011. Det samla dokumentet vart vedteke i styremøte 15. februar 2011.

Det samla dokumentet har vore igjennom ein omfattande prosess. Arbeidet har, i tillegg til styrehandsaminga, vore tema på fleire leiarmøte. Det er motteke innspel frå avdelingar og fagmiljø, og det har vore drøfta med dei tillitsvalde, siste gong i møte av 10. februar 2011. Arbeidet med risikovurderingar er ført vidare. Det er lagt vinn på å knyte risikovurderingar til overordna strategiar.

Det har vore god utvikling ved høgskolen i året som gjekk med fleire viktige milepelar og hendingar. 23. september la statsråd Tora Aasland ned grunnsteinen for nybygget på Kronstad. Vidare har høgskolen utarbeidd ny strategisk plan gjeldande frå 2011 til og med 2015. Høgskolen samla har klart å snu ein anstrengt budsjettsituasjon og året gjekk ut med auka avsetningar, sjølv om ein framleis ligg noko under måltalet.

På utdanningssida har det vore gjennomført nasjonale evalueringar og fleire studium har fått nye rammeplanar. Ny grunnskolelærarutdanning gjennomførde sitt første opptak med gode resultat. Det er inngått eit omfattande samarbeide med øvrige høgskolar i regionen. Både førskolelærar- og ingeniørutdanningane har gjennomgått evalueringar og oppfølgingsarbeidet er starta. Idrett og førebyggjande arbeid (BA-nivå) er sikra finansiering. Hovudstrategien til høgskolen på utdanningsida er no å utvikle/vidareutvikle mastergradsstudium, mellom anna sivilingeniør/Master i teknologifag. Arbeidet med mastergrader er godt i gang og arbeidet med akkreditering held fram. I tillegg kjem arbeidet med kvalifikasjonsrammeverket og utvikling av innovasjon og entreprenørskap i alle studium.

Høgskolen oppnår stadig fleire og betre resultat når det gjeld profesjonsutviklende forsking. Styret har gjort vedtak som identifiserer tre av dei fire områda for doktorgradsutdanning som skal utviklast som grunnlag for å oppnå universitetsstatus. I tillegg er det gjort vedtak om ei felles forskarskoleplattform for høgskolen. I åra som kjem vil dei overordna strategiane med å byggje kvalitet i forsking og utdanning og utvikling av doktorgradsprogram med utgangspunkt i profesjonsutdanningane halde fram. Verksemda ved høgskolen vil bere preg av kompetanseutvikling i det faglege personalet, publisering, vidareutvikling av doktorgradsprogramma og spissing av verksemda inn mot master- og PhD-nivå. Samstundes vil høgskolen halde fram arbeidet med å vere ein samarbeids- og utviklingsaktør i regionen og gi profesjonsutdanning av høg kvalitet og såleis oppfylle samfunnsmandatet.

Sist, men ikkje minst, vil aktivitetane knytt til bygging og utvikling av ein ny campus på Kronstad ha mykje merksemd fram til innflytting i 2014. I den samanheng er det sett i gang eit større omstillingprosjekt i høgskolen som omfattar både fagleg organisering så vel som dei administrative funksjonane og utvikling av felles identitet, kultur og system for verksemdstyring. Samla vil dei ulike aktivitetane legge eit godt grunnlaget for å ta høgskolen til neste nivå.

Eli Bergsvik
rektor

Audun Rivedal
høgskoledirektør

Innhold

RESULTATRAPPORTERING FOR 2010	5
Innleiing.....	5
Arbeidet i styret	6
Sektormål 1: Utdanning	9
Verksemndsmål 1.1: Universitet og høgskolar skal utdanne kandidatar med høg kompetanse med relevans for samfunnets behov.....	9
Verksemndsmål 1.2: Universitet og høgskolar skal tilby eit godt læringsmiljø med undervisnings- og vurderingsformer som sikrar fagleg innhald, læringsutbyte og god gjennomstrømming.	12
Verksemndsmål 1.3: Universitet og høgskolar skal ha eit omfattande internasjonalt utdanningssamarbeid av høg kvalitet, som medverkar til auka utdanningskvalitet.	15
Tema KD ønskjer særskilt fokus på – Sektormål 1	17
Sektormål 2: Forsking, fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid.....	20
Verksemndsmål 2.1: Universitet og høgskolar skal gjennom nasjonalt og internasjonalt samarbeid tilby forskarutdanning av høg kvalitet. Forskarutdanninga skal vere innretta og dimensjonert for å ivareta behova i sektoren og i samfunnet elles.	20
Verksemndsmål 2.2: Dei statlege høgskolane har eit særskilt ansvar for profesjonsretta forsking, utviklingsarbeid, kompetanseutvikling og nyskapande verksemd i regionane. Samtidig skal dei statlege høgskolane innrette sin forskingsinnsats slik at dei oppnår resultat av høg internasjonal kvalitet innan fagområde dei tildeler doktorgrad, og samarbeide nasjonalt og internasjonalt om forsking og utviklingsarbeid.....	22
Tema KD ønskjer særskilt fokus på – sektormål 2.....	25
Sektormål 3: Formidling og samfunnsoppdrag	27
Verksemndsmål 3.1: Universitet og høgskolar skal gjennom formidling og deltaking i offentleg debatt tilføre samfunnet resultata frå forsking og utviklingsarbeid.....	27
Verksemndsmål 3.2: Universitet og høgskolar skal medverke til samfunns- og næringsutvikling gjennom utdanning, innovasjon og verdiskaping.....	28
Verksemndsmål 3.3: Fag- og forskingssentera ved høgskolen skal vere ein regional og nasjonal drivkraft innanfor sine fagområde. Sentera skal kunne bidra med sin eigen kompetanse på tvers av avdelingane (HiB sitt eige verksemndsmål).....	31
Tema KD ønskjer særskilt fokus på – sektormål 3.....	34
Sektormål 4: Forvalting.	36
Verksemndsmål 4.1: Universitet og høgskolar skal sikre ei god og effektiv forvalting av ressursane.	36
Verksemndsmål 4.2: Universitet og høgskolar skal gjennom sin personalpolitikk medverke til eit høgt kompetansenivå, eit godt arbeidsmiljø og eit mindre kjønnsdelt arbeidsliv.	39
Verksemndsmål 4.3: Universitet og høgskolar skal ivareta høg kvalitet i økonomi-forvaltinga. God intern kontroll og effektiv ressursforvalting skal takast omsyn til i dei strategiske prioriteringane ved institusjonen.....	41
Verksemndsmål 4.4: Universitet og høgskolar skal bidra til at nasjonale kunnskapsressursar vert forvalta heilskapleg og til at oppgåver og ansvar vert fordele og løyste gjennom samarbeid.	43
Tema KD ønskjer særskilt fokus på – sektormål 4.....	45
Dei 10 viktigaste risikomomenta for Høgskolen i Bergen i 2010	47
Anna rapportering.....	50
ÅRSPLAN 2011.....	55
Innleiing.....	55
Sektormål 1: Utdanning.....	56
Innleiing.....	56

Verksemadmål 1.1: Universitet og høgskolar skal utdanne kandidatar med høg kompetanse med relevans for samfunnets behov.....	57
Verksemadmål 1.2: Universitet og høgskolar skal tilby eit godt læringsmiljø med undervisings- og vurderingsformer som sikrar fagleg innhald, læringsutbyte og god gjennomstrømming.	58
Verksemadmål 1.3: Universitet og høgskolar skal ha eit omfattande internasjonalt utdannings-samarbeid av høg kvalitet, som medverkar til auka utdanningskvalitet.....	60
 Sektormål 2: Forsking, fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid.....	62
Innleiing.....	62
Verksemadmål 2.1: Universitet og høgskolar skal gjennom nasjonalt og internasjonalt samarbeid tilby forskarutdanning av høg kvalitet. Forskarutdanninga skal vere innretta og dimensjonert for å ivareta behova i sektoren og i samfunnet elles.	63
Verksemadmål 2.2: Dei statlege høgskolane har eit særskilt ansvar for profesjonsretta forsking, utviklingsarbeid, kompetanseutvikling og nyskapande verksemd i regionane. Samtidig skal dei statlege høgskolane innrette sin forskingsinnsats slik at dei oppnår resultat av høg internasjonal kvalitet innan fagområde dei tildeler doktorgrad, og samarbeide nasjonalt og internasjonalt om forsking og utviklingsarbeid.....	64
 Sektormål 3: Formidling og samfunnsoppdrag	66
Innleiing.....	66
Verksemadmål 3.1: Universitet og høgskolar skal gjennom formidling og deltaking i offentleg debatt tilføre samfunnet resultata frå forsking og utviklingsarbeid.....	67
Verksemadmål 3.2: Universitet og høgskolar skal medverke til samfunns- og næringsutvikling gjennom utdanning, innovasjon og verdiskaping.....	68
Verksemadmål 3.3: Fag- og forskingssentera ved høgskolen skal vere ein regional og nasjonal drivkraft innanfor sine fagområde. Sentera skal kunne bidra med sin eigen kompetanse på tvers av avdelingane (HiB sitt eige verksemadmål).	69
 Sektormål 4: Forvalting.....	70
Innleiing.....	70
Verksemadmål 4.1: Universitet og høgskolar skal sikre ei god og effektiv forvalting av ressursane.	71
Verksemadmål 4.2: Universitet og høgskolar skal gjennom sin personalpolitikk medverke til eit høgt kompetansenvå, eit godt arbeidsmiljø og eit mindre kjønnsdelt arbeidsliv.	73
Verksemadmål 4.3: Universitet og høgskolar skal ivareta høg kvalitet i økonomi-forvaltinga. God intern kontroll og effektiv ressursforvalting skal takast omsyn til i dei strategiske prioriteringane ved institusjonen.....	75
Verksemadmål 4.4: Universitet og høgskolar skal bidra til at nasjonale kunnskapsressursar vert forvalta heilskapleg og til at oppgåver og ansvar vert fordele og løyste gjennom samarbeid.	77
 PLAN FOR TILDELT BEVILGNING FOR 2011	78
 VEDLEGG	85
Vedlegg 1: Risikosystem ved Høgskolen i Bergen	87
Vedlegg 2: Risikovurdering 2011 – Dei viktigaste risikoane ved Høgskolen i Bergen	90
Vedlegg 3: Institusjonens planer for oppfølging av tildelte studieplasser	92
Vedlegg 4: Studentkapasitet – kartleggingsskjema.....	95
Vedlegg 5: Redegjørelse – likestilling og mangfold	98
Vedlegg 6: Samarbeidsmidler til grunnskolelærerutdanningene i Region Vest.....	107
Vedlegg 7: Avdeling for lærerutdanning: Oppfølging av NOKUTs evaluering av allmennlærerutdanningen..	109
Vedlegg 8: Oppfølging av NOKUTs evaluering av førskolelærerutdanningen.....	110
Vedlegg 9: Oppfølging av NOKUTs evaluering av ingeniørutdanningen 2008	118

RESULTATRAPPORTERING FOR 2010

Innleiing

2010 var, som tidlegare år ved høgskolen, prega av høg aktivitet og gode faglege resultat på mange område. Resultatrapporteringa vert strukturert etter delmåla som vart definerte for 2010, i tillegg til dei tema Kunnskapsdepartementet (KD) ber institusjonane rapportere spesielt. Det vil seie at ikkje alt som vart oppnådd i 2010 vert nemnd i denne rapporten, men at det som var viktig for å oppnå dei viktigaste målsettingane høgskolen hadde sett seg for året vert trekte fram.

Høgskolen har dei siste åra arbeidd med å byggje opp nye mastergradar. Dette er eit ledd i arbeidet med å nå målsettinga om å utvikle kompetanse mot ein framtidig universitetsstatus, men det vert også gjort for å svare på uttrykte behov i samfunns- og i næringsliv. I 2010 vart det arbeidd med å utvikle mastergradar ved alle avdelingane ved høgskolen. Fleire av mastergradane er utvikla i samarbeid med andre institusjonar, både i og utanfor regionen.

2010 vart også prega av den nye grunnskolelærarutdanninga (GLU). Dette var eit arbeid som medførte stor ressursbruk på grunn av gjennomføring på særskilt kort tid. Det var gledeleg for høgskolen at søkeratala til GLU ved HiB vart svært gode hausten 2010.

Hausten 2010 evaluerte NOKUT kvalitetssystemet ved høgskolen. Resultatet av evalueringa vil først vere klart i mars 2011. I september 2010 kom sluttrapporten etter NOKUT-evalueringa av førskolelærarutdanningane. Her kom HiB noko betre ut enn gjennomsnittet, men NOKUT peikte også på fleire forbetringspunkt og utfordringar. Høgskolen greip i løpet av hausten fatt i desse og har laga ein plan for oppføljing.

På internasjonaliseringsfeltet var det i 2010 spesielt fokus på å evaluere samarbeidsrelasjonane med utanlandske institusjonar for å følgje opp målsettingane i årsplanen. Høgskolen arbeidde med å identifisere hovudsamarbeidspartnerar gjennom eit grundig kartleggingsarbeid som la eit godt grunnlag for å fullføre dette arbeidet i 2011.

Høgskolen arbeidde mykje med å etablere ei forskarskoleplattform og å tilsetje stipendiatar i 2010. Dette er viktige førebuingar for å kunne kvalifisere til å søkje om universitetsstatus i framtida. Det same er utvikling av doktorgradsutdanningar. Dette arbeidet tok eit langt steg vidare da styret i april 2010 vedtok dei fagområda som høgskolen skal utvikle vidare. Høgskolen reknar med å sende søknad om akkreditering av den første doktorgraden i løpet av 2011.

Også i 2010 dreiv høgskolen med utstrakt formidling av dei faglege aktivitetane, både til spesifikke brukargrupper og til allmenta. Sentera ved høgskolen var også i bra utvikling, og arbeidde godt i høve til målsettingane sine.

Arbeidet med å førebu høgskolen på omstilling med tanke på samlokalisering på Kronstad skaut fart i 2010, spesielt i haustsemesteret. Konkrete delprosjekt under omstillingsprosjektet vart peikte ut, og planar vart konkretiserte. Tilsettinga av prosjektleiar ved utgangen av året førde til at omstillingsarbeidet vart ytterlegare styrka.

Høgskolen hadde som mål for 2010 å auke avsetjingane slik at dei skulle utgjere 3 % av total statleg løying. Dette målet klarte ikkje høgskolen å nå, mellom anna på grunn av auka utgifter knytt til innføringa av GLU og ein ikkje forventa, stor auke i straumutgiftene. Men samtidig klarte høgskolen dette året å oppnå god effekt av iverksette innsparingstiltak, og er på god veg til å nå meir langsiktige mål for avsettingar i forkant av samlokaliseringa på Kronstad i 2014.

Høgskolen i Bergen gjekk inn i 2010 med ei målsetting om å avklare framtidige samarbeidsrelasjoner med andre institusjonar på Vestlandet. Denne avklaringa kom i løpet av våren, da det vart klart at dei andre aktuelle høgskolane ikkje såg det som tenleg å arbeide for ein framtidig fusjon der universitetsstatus var eit uttrykt mål.

Hausten 2010 vedtok styret strategisk plan for 2011-2016. Arbeidet med å utvikle planen byrja alt i 2009, og alle tilsette og studentar fekk høve til å uttale seg i prosessen, i tillegg til at eksterne synspunkt vart innhenta. Den nye strategiske planen er godt forankra på alle nivå i høgskolen.

Arbeidet i styret

Høgskolestyret hadde i 2010 denne samansettinga:

Styreleiar: rektor Eli Bergsvik

Medlemer

Varamedlemer

Tilsette i undervisnings- og forskarstillingar:

Knut Helland

1. Kjell Henriksbø

Yngve Lamo

2. Terje Årvoll Olsen

Beate Lode

3. Alvhild Alette Bjørkum

Tilsette i teknisk-administrative stillingar:

Henning Norheim

1. Kari Karlsen

2. Tove Pemmer Sætre

Studentar våren 2010:

Lise Lund

1. Elise Kleppe

Jan-Robert Nienhuis

2. Isabel Grindheim

Studentar hausten 2010:

Rasmus Haugen Sandvik

1. Jan-Robert Nienhuis

Isabel Grindheim

2. Elise Kleppe

Eksterne medlemer:

Anne Sissel Faugstad

1. Edel Eikeseth

Kristen Haugland

2. Sjur Storaas

Atle Tidemann

3. Luis Fernando Claure

Anna Elisa Tryti

Frå 15.11.2010 gjekk Anna Elisa Tryti ut av styret og Edel Eikeseth gjekk inn som fast styremedlem.

Prorektor Carsten Helgesen er vararepresentant for rektor i styret.

Styret hadde ni møte i 2010, og handsama 103 saker. Av dei ni møta var to ekstraordinære – eitt for å godkjenne førebels årsrekneskap for 2009, og eitt for å tilsetje ny personaldirektør. I samband med møtet i januar deltok styret på arbeidsmiljødagen ved høgskolen, og i samband med møtet i november vart det avvikla eit styreseminar om omstillingsprosessar. Nokre av sakene som spesielt prega 2010 var omstilling, ny strategisk plan, regionalt samarbeid om institusjonsstatus, ny grunnskolelærarutdanning og utvikling av master- og doktorgradar. Styret drøfta årsplanen med risikovurdering i fleire møte, og gjekk gjennom statusrapporten for 2010-planen i september. Styret har også handsama ny årsplan for 2011 og lagt vinn på å få fram gode samanhengar mellom dei ulike plandokumenta som årsplan, budsjettfordeling og strategisk plan.

I samband med møte i januar 2011 gjennomførte styret ei vurdering av eige arbeid.

Styret ved Høgskolen i Bergen gjekk våren 2011 inn i sitt siste semester i denne styreperioden. Styremedlemene meiner at det i løpet av perioden har skjedd ei utvikling der styret no i større grad enn tidlegare har diskusjonar som er på eit overordna plan, slik at det som vert drøfta er av prinsipiell art. Likevel hender det at diskusjonane går for mykje på detaljar. Dette kan til dels kome av at saksframlegga av og til er svært omfattande og går for mykje i detalj. Styret oppfordrar derfor administrasjonen til å skrive kortare saker, og trekke ut essensen og det strategiske perspektivet i det styret bør diskutere. Samtidig meiner styret at sakene i stor grad vert godt belyste gjennom saksframlegg og vedlegg. I ein del større saker har styret fått same sak til handsaming fleire gonger, til dømes strategisk plan, årsplan og budsjett. I tillegg kjem enkeltsaker som til dømes mettingsdykkarutdanninga. Dette ser styret på som positivt, og det er ein metode som gjerne kan nyttast meir når det gjeld overordna og meir prinsipielle saker .

Styret opplever spesielt økonomisakene som krevjande, og oppfordrar til at administrasjonen prøver å gjere framstillinga mest mogleg lik frå sak til sak over tid, slik at det vert enkelt å samanlikne tal frå ein periode til den neste. Det er også nødvendig å få fram grunnlagsinformasjon for økonomisakene, samt å synleggjere økonomiske implikasjoner av vedtak i andre saker styret får til handsaming gjennom året.

Styret ser gjerne at det vert utarbeidd eit tydelegare årshjul som viser kva type saker som skal opp til handsaming gjennom året.

Styret opplever at det er eit godt samspel mellom styremedlemene, og at det er eit godt samarbeidsklima i styrekollegiet. Det har vore mange gode diskusjonar, og styremedlemene er villige til å høre på kvarandre sine innspel og arbeide seg fram til konsensuløysingar. Dette gjev ei oppleveling av å arbeide i fellesskap for høgskolen sitt beste.

Ein av styremedlemene peikte på at det er mogleg at styret misser nokre perspektiv på grunn av at ei av avdelingane ikkje er representert. Ein annan styremedlem såg at styret hadde vorte nærare samansveisa i løpet av styreperioden, og stilte spørsmål ved om dette kunne gå ut over den kontrollfunksjonen styret skal ha overfor den daglege leiinga.

Styret meiner møteleiinga er god og at styreleiar bidreg til å skape tryggleik i styrearbeidet og sikre at alle kjem til orde i drøftingane. Styret opplever dessutan at styreleiar og sekretær er lydhøre for innspel og at styret såleis har reell påverknad på sakene og dei endelige vedtaka.

Å kome inn på enkeltmøte som varamedlem kan opplevast som utfordrande. Varamedlemer bør derfor verte inviterte til styreseminara, slik at dei kan verte betre kjende med verksemda.

Styreleiar ønskjer at det avtroppende styret skal kome med innspel til korleis høgskolen på best mogleg måte kan sikre nødvendig breidde i kompetansen i styret samla og gje innspel til relevant opplæring for det nye styret, som tiltar hausten 2011.

Sektormål 1 *Universitet og høgskolar skal tilby utdanning av høg internasjonal kvalitet som er basert på det fremste innanfor forsking, fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid og erfaringeskunnskap.*

Verksemadmål 1.1 *Universitet og høgskolar skal utdanne kandidatar med høg kompetanse med relevans for samfunnets behov.*

Delmål 1.1.1 *Høgskolen skal utdanne kandidatar som er etterspurde på arbeidsmarknaden.*

Kandidatundersøkinga som Karrieresenteret utførte hausten 2009 viste at kandidatane ved Høgskolen i Bergen kom fort i arbeid når dei hadde avslutta studiane. Det er per i dag ingen indikasjonar på at dette har endra seg. I alt 92 % av kandidatane som vart uteksaminerte i 2007 hadde fått relevant tilbod om jobb innan tre månader etter avslutta eksamen.

Høg kvalitet i utdanninga skapar gode kandidatar og godt omdøme, og medverkar til at kandidatane frå høgskolen vert etterspurde på arbeidsmarknaden. Utdanningskvalitet var tema på styringsdialogmøta med avdelingane i 2010. Alle avdelingane gav uttrykk for at dei heldt kontinuerleg fokus på dette. Utdanningsutvalet ved høgskolen har utdanningskvalitet som sitt hovudtema, og arrangerte mellom anna eit godt besøkt seminar om studentaktive læringsformer våren 2010. Utdanningskvalitet var òg tema på ei leiarsamling våren 2010.

Utdanningstilbodet ved Høgskolen i Bergen vert utvikla i tett dialog med ulike aktørar i regionen.

Høgskolen hadde planlagt å gjennomføre ei pilotundersøking om relevanskvalitet i løpet av 2010. Grunna arbeidet med å førebu NOKUT-evalueringa av høgskolen sitt kvalitetssystem vart denne undersøkinga utsett til 2011. Det føreligg derfor ikkje nye data om måloppnåing på dette delmålet.

Delmål 1.1.2 *Høgskolen skal ha høg inntakskvalitet på alle studiar.*

Høgskolen hadde gode søkerantal til SO-opptaket. Alle bachelorutdanningane ved Avdeling for helse- og sosialfag (AHS) hadde mange søkerar og venteliste etter at hovedopptaket var gjennomført. Alle studia vart fylte opp, og inntakskvaliteten var god.

Høgskolen hadde eit svært godt opptak til alle studia ved AL, med høg inntakskvalitet. Det var spesielt gledeleg at grunnskolelærarutdanninga (GLU) 5-10 hadde heile 275 kvalifiserte førstevalsøkerar til 132 studieplassar. Samanlikna med søkeratala til grunnskolelærarutdanningane elles i landet hadde Høgskolen i Bergen særskilt gode søkerantal. Høgskolen reknar med at dei gode tala til GLU 1-7 heng saman med at høgskolen valde å lyse ut utdanningane med fleire val for søkerane.

Ved Avdeling for ingeniørutdanning (AI) hadde alle studieprogramma god søkering, bortsett frå studieprogrammet kommunikasjons-system. Inntakskvaliteten ved avdelinga var god. Avdelinga gjennomførte ei rekke tiltak for å auke inntakskvaliteten både på kort og litt lengre sikt, som omfattande forkurs og skolering i realfagsemne.

Også ved det lokale opptaket kan høgskolen vise til gode tal for 2010. Mastergradsstudia på AHS hadde eit godt opptak. Vidareutdanningane på AHS fekk for det meste fylt opp plassane, men særleg vidareutdanning i eldreomsorg burde hatt fleire søkerar. Master i undervisningsvitenskap fekk for få studentar i høve til måltalet. Dette studiet må høgskolen marknadsføre betre i framtida.

Samla sett har høgskolen høg inntakskvalitet på dei aller fleste utdanningane. Høgskolen nådde ikkje det ambisiøse målet på tre kvalifiserte førstevalssøkarar per studieplass, og men hadde ei god auke i denne styringsparameteren frå 2009, frå 2,0 til 2,21. Dette er svært gode tal på landsbasis.

Høgskolen deltok våren 2010 på messer over heile landet. Studiekatalogen til høgskolen viste seg å vere populær. I arbeidet med å profilere høgskolen på nettet og i annonsar vart det lagt særleg vekt på å informere om den nye grunnskolelærarutdanninga. Høgskulen lukkast godt i dette arbeidet. I tillegg vart det fokusert på å rekruttere blant det underrepresenterte kjønn til studium som har skeiv kjønnsbalanse. Resultata på dette området er noko varierte. På ingeniørutdanningane gjekk delen kvinner opp frå 18,8 % i 2009 til 20,4 % i 2010. Spesielt energiteknologi skilde seg ut på dette punktet, då delen kvinner gjekk opp frå 26,8 % i 2009 til 54,5 % i 2010. Også andre ingeniørutdanningar hadde ein auke i delen kvinner, men det var også fleire av dei som opplevde ein nedgang. Ved bioingeniørutdanninga auka delen menn frå 2,9 % til 17,1 %. Førskolelærarutdanninga opplevde ein auke av mannlege studentar frå 15,4 % i 2009 til 20,3 %. Ved Avdeling for helse- og sosialfag gjekk delen mannlege studentar ned ved ergoterapiutdanninga, sosialt arbeid og vernepleieutdanninga, medan ho gjekk litt opp ved fysioterapiutdanninga. Ved sjukepleieutdanninga var delen menn omtrent den same som i 2009, med ein minimal auke frå 12 % til 12,9 %. Samtidig som høgskolen opplever ei positiv utvikling i kjønnsbalansen i fleire utdanningar, ser det ut til at unge menn og kvinner framleis har ein tendens til å velje tradisjonelt, trass i tiltak for å påverke dei til å velje meir utradisjonelt.

Som eit ledd i arbeidet med å rekruttere studentar med minoritetsbakgrunn er høgskolen medlem av ambisjoner.no – ein nettstad som skal motivere unge med minoritetsbakgrunn til å ta høgare utdanning og byggje karriere.

Studiestartundersøkinga for 2010 viste at studentane valde å søkje seg til Høgskolen i Bergen mellom anna fordi høgskolen har eit rikt fagleg tilbod og eit høgt fagleg nivå, samtidig som det er gode moglegheiter for å få jobb etter fullført utdanning. Undersøkinga viste òg at nettsidene til høgskolen er den viktigaste informasjonskanalen for potensielle studentar, noko som betyr at det er viktig å fortsetje arbeidet med å halde høg kvalitet på nettsidene.

Delmål 1.1.3

Høgskolen skal sende søknad om akkreditering av 3 nye mastergradar i løpet av 2010.

Høgskolen sendte i august 2010 ny søknad til NOKUT om akkreditering av mastergrad i klinisk sjukepleie. Denne søknaden vart godkjent i desember 2010.

AI planla å sende søknad om akkreditering av ein felles mastergrad med Universitetet i Oslo om innovasjon og entreprenørskap hausten 2010, men då NOKUT innførde søknadsfrist 15. mars vart innsending av denne søknaden utsett. AI arbeidde i 2010 med søknad om akkreditering av mastergrad i samfunnsdidaktikk¹. Også denne søknaden vil verte sendt innan fristen 15. mars.

¹ Denne skal erstatte master i historie med samfunnsdidaktikk.

Styringsparameter verksemds mål 1.1

Styringsparameter	Resultat			Resultatmål 2010
	2008 ²	2009	2010	
Talet på kvalifiserte førstevalssøkarar per studieplass (KD)		2	2,21	3

² Da denne styringsparametren var ny i 2010, manglar høgskolen data for 2008.

Verksemdsmål 1.2

Universitet og høgskolar skal tilby eit godt læringsmiljø med undervisnings- og vurderingsformer som sikrar fagleg innhald, læringsutbyte og god gjennomstrømming.

Delmål 1.2.1

Alle utdanningane skal vere i gang med implementering av kvalifikasjonsrammeverket for å halde fristen, som er studiestart 2012.

Arbeidet med å innarbeide kvalifikasjonsrammeverket er godt i gang. Seminaret våren 2010 om studentaktive læringsformer (sjå delmål 1.1.1) var ein del av dette arbeidet. Studentaktive læringsformer skal bidra til at studentane når læringsmåla og får eit betre læringsutbyte.

Dekanane følgjer arbeidet nøyne, og alle avdelingane har planar for korleis innføringa av kvalifikasjonsrammeverket skal gjennomførast. Ved dei nye grunnskolelærarutdanningane er fagplanane utarbeidde i tråd med kvalifikasjonsrammeverket. Al var 01.09.2010 vertskap for eit nasjonalt oppstartseminar om kvalifikasjonsrammeverket i ingeniørutdanning.

NOKUT har varslet at det kjem ein ny rammeplan for førskolelærarutdanning som skal gjelde frå 2012. Arbeidet med innføringa av kvalifikasjonsrammeverket i førskolelærarutdanninga vil i hovudsak komme i gang når denne rammeplanen er klar. Ny rammeplan for ingeniørutdanning er vedteken, og høgskolen vil starte arbeidet med innføring av kvalifikasjonsrammeverket når retningslinene er vedtekne av arbeidsutvalet til Nasjonalt råd for teknologisk utdanning i mai 2011.

Fagutval, studiekvalitetsutval og utdanningsutvalet har denne tematikken høgt på agendaen, og høgskolen reknar med å ha innført kvalifikasjonsrammeverket innan fristen.

Delmål 1.2.2

Det skal vere høg tilfredsheit med læringsmiljøet blant studentane.

Høgskolen gjennomførte ei studenttilfredsheitsundersøking i februar-mars 2010. Undersøkinga viste generelt stor grad av tilfredsheit blant studentane. 86 % av dei som deltok svarte at dei treivst svært godt eller godt ved Høgskolen i Bergen. Da høgskolen gjennomførte tilsvarende undersøking i 2006 var det 91 % av studentane som svarte at dei treivst godt eller svært godt.

Som ved tidlegare undersøkingar viste det seg at studentane i snitt gjev uttrykk for relativt låg grad av tilfredsheit med den pedagogiske kompetansen til lærarane. På nokre av punkta i undersøkinga var det ein liten, men ikkje alarmerande, nedgang samanlikna med førre undersøking. Svarprosenten var dessverre låg (21 %), trass i mange oppfordringar til studentane om å delta, og resultata må tolkast med varsemd.

Resultata i undersøkinga vart brote ned på avdelingsnivå slik at kvar avdeling kunne følgje opp. Utdundingsutvalet tok spesielt fatt i følgjande tema: den pedagogiske kvaliteten hos faglærarane, informasjon frå faglærarane og tilgang til trådlaust nettverk. Utvalet konkluderte med å tilrå ein del tiltak. Til eksempel understreka utvalet verdien av kurset i høgskolepedagogikk høgskolen tidlegare har tilbydd sine tilsette. I årsplanen for 2011 under delmålet *Høgskolen skal vidareutvikle den pedagogiske kvaliteten* er eitt av tiltaka er å setje av midlar til å gjennomføre kurset i høgskolepedagogikk. Strategisk plan 2011-2015 har også eit delmål om å betre den pedagogiske kvaliteten i undervisninga.

Delmål 1.2.3

Høgskolen skal ha auka delen av studentane som fullfører på normert tid, særleg innan ingeniør- og lærarutdanning.

Utviklinga i delen studentar som fullførte på normert tid frå 2009 til 2010 varierte mykje mellom utdanningane. Ved fleire av ingeniørutdanningane var det ei negativ utvikling på dette punktet. Dataingeniørutdanninga hadde til dømes klart lågare gjennomstrøyming i 2007-kullet samanlikna med 2006-kullet. Men fire av ingeniørutdanningane hadde ei svært god utvikling. Spesielt marinteknologiutdanninga hadde ein kraftig auke i delen studentar som fullførte på normert tid frå 2006- til 2007-kullet. Medan ingeniørutdanningane samla hadde ein nedgang i gjennomføring frå 52,2 % til 51,6% mellom 2009 og 2010 (ref. DBH-rapport Fullføring på utvalde utdanningar) har Høgskolen i Bergen i ein periode på fleire år hatt ei generell forbetring i gjennomføringa i ingeniørutdanningane, og har nokre av dei beste resultata i landet. I 2010 uteksaminerte høgskolen fleire ingeniørar enn nokon gong tidlegare.

På lærarutdanninga var det ikkje store endringar i gjennomføringa frå 2009 til 2010, sjølv om allmennlærarutdanning med musikk opplevde ein liten framgang. Heller ikkje ved førskolelærarutdanninga var det store endringar, men førskolelærarutdanning med vekt på natur og friluftsliv hadde ein relativt klar tilbakegang i delen studentar som fullførte på normert tid.

Utdanningane ved Avdeling for helse- og sosialfag har normalt hatt mange studentar som fullfører på normert tid – og dette gjaldt òg for 2010. Ergoterapiutdanninga skilde seg positivt ut med ein sterk framgang i gjennomstrøyminga, medan sosionomutdanninga opplevde ein relativt stor tilbakegang. Sjukepleieutdanninga hadde ein liten auke i delen studentar som fullførte på normert tid.

Resultata frå 2010 viser at gjennomføring er noko høgskolen må fortsetje å arbeide med i framtida, trass i at HiB ligg godt an på dette området samanlikna med landsgjennomsnittet.

Delmål 1.2.4

Høgskolen skal få oppretthalde godkjenninga av kvalitetssikringssystemet for utdanningskvalitet ved NOKUT-evalueringa.

Høgskolen brukte hausten 2010 til å førebu seg på NOKUT-evalueringa av kvalitetssikringssystemet. Dei dokumenta NOKUT etterspurde vart sende innan fristen. Evalueringa vart diskutert og førebuett på fleire møte.

NOKUT gjennomførde ei innleiande vitjing med møte med leiinga 28. oktober, medan hovudbesøket fann stad 6.-8. desember. Endeleg tilbakemelding frå NOKUT vil føreligge i mars/april 2011.

Styringsparameter verksemdsmål 1.2

Styringsparameter	Resultat			Resultatmål 2010
	2008	2009	2010	
Talet på nye studiepoeng per eigenfinansiert heiltidsekvivalent per år (KD)	50,5	51,3	48,4	52
Talet på studentar per undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling (KD)	14,3	15,4	15,2	15
Gjennomføring etter avtalte utdanningsplanar (KD)	87,8	90,8	91,1	92
Studiepoengproduksjon for høgskolen totalt (HiB)	4796	5111	4990	5250

Kommentar til styringsparameter

Nedgangen i studiepoengproduksjon frå året før har ulike forklaringar. I den nye grunnskolelærarutdanninga er nokre eksamenar som før var i første semester no lagt til andre semester. Dermed gir dei ikkje utteljing i 2010 men i 2011. Totalt sett har likevel Avdeling for lærarutdanning ei auke i studiepoengproduksjonen då det er auke i andre studium som til dømes bachelorgradstudiet i idrett.

Avdeling for helse og sosialfag har hatt den største nedgangen i studiepoengproduksjon samanlikna med året før. Det kan i hovudsak forklarast med at ABIO-studia (anestesisjukepleie, barnesjukepleie, intensivsjukepleie og operasjonssjukepleie) tar opp nye studentar kvart tredje semester og dette gjev store utslag (opp eller ned) i studiepoengproduksjonen frå år til år. Elles er det særleg på bachelorgradstudiet i vernepleie at studiepoengproduksjonen har gått ned. Dette kjem delvis av at deltidsstudiet er fasa ut.

Også Avdeling for ingeniørutdanning har hatt nedgang i studiepoengproduksjonen i 2010. Den største nedgangen finn vi på bachelorgradstudiet i økonomi og administrasjon. Dette kan forklarast med at mange sluttar på dette studiet tidleg i studiet av di dei til dømes kjem inn på andre studium/studiestader. Elles så finn vi litt nedgang på fleire av ingeniørstudia, men òg oppgang som til dømes på studia elkraft og undervassteknologi.

Dei fleste mastergradsstudia ved høgskolen går enten på deltid over tre år eller har opptak annakvart år. Dette gir også store utslag i studiepoengproduksjonen frå år til år.

Av grunnar som her er nemnde blir det svingingar i studiepoengproduksjonen sett over år som vi må rekne som normale variasjonar.

Verksemdsmål 1.3

Universitet og høgskolar skal ha eit omfattande internasjonalt utdanningssamarbeid av høg kvalitet, som medverkar til auka utdanningskvalitet.

Delmål 1.3.1

Kvar avdeling skal identifisere ein internasjonal hovudsamarbeids-institusjon i løpet av 2010 knytt til strategiske forskingsområde (doktorgradsområde), der det er mogleg å utvikle felles mastergrad basert på felles forskingssamarbeid.

Arbeidet med å identifisere og utvikle doktorgradsområde for Høgskolen i Bergen kravde store ressursar i 2010. Innsatsen for å identifisere internasjonale hovudsamarbeidsinstitusjonar knytt til strategiske forskingsområde vil halde fram i 2011. Høgskolen vil òg arbeide med å styrke samarbeidet med hovudsamarbeidspartnarane – sjå årsplan for 2011. Det internasjonale samarbeidet knytt til dei strategiske forskingsområda er omfattande.

Delmål 1.3.2

To av mastergradsstudia skal tilbydast med undervisning på engelsk innan 2011.

Dette målet er nådd, da master i samfunnsarbeid skal gå på engelsk frå hausten 2011, og master i programutvikling allereie vert undervist på engelsk. Også master i innovasjon og entreprenørskap vil verte undervist på engelsk.

For kullet med masterstudentar som vert teke opp til samfunnsarbeid ved Avdeling for helse- og sosialfag hausten 2011 skal ein etter planen tilby all undervisning på engelsk, spesielt med tanke på kvotestudentar som i liten grad meistrar det norske språket.

Delmål 1.3.3

Alle studieprogram på bachelor- og mastergradsnivå skal identifisere inntil tre internasjonale hovudsamarbeidspartnarar for fagleg samarbeid og utveksling innan utgangen av 2010.

For å ha eit best mogleg utgangspunkt for å identifisere internasjonale hovudsamarbeidspartnarar knytt til det enkelte studieprogram hadde høgskolen i 2010 ein grundig gjennomgang av kva samarbeidspartnarar dei forskjellige studieprogramma hadde, og kva som var innhaldet i samarbeidet. Gjennomgangen viste at høgskolen har eit breitt internasjonalt udanningssamarbeid, både geografisk og i høve til type avtalar, og at det er eit stort potensial for vidareutvikling knytt til dei eksisterande avtalane.

Arbeidet med å identifisere hovudsamarbeidspartnarar for fagleg samarbeid og utveksling var planlagt fullført i løpet av 2010. Dei fleste studieprogramma hadde ikkje komne så langt ved slutten av året, men ein god prosess for å oppnå dette er sett i gang, og det er gitt ein frist til å melde inn hovudsamarbeidspartnarar i løpet av våensemesteret 2011. Parallelt med dette arbeidet vil avdelingane og internasjonalt kontor måtte utvikle og setje i verk tiltak retta spesielt mot hovudsamarbeidspartnarane – sjå årsplan for 2011.

Styringsparameter verksemdsmål 1.3

Styringsparameter	Resultat			Resultatmål 2010
	2008	2009	2010	
Talet på utvekslingsstudentar (ut/innreisande) (KD)	220/42	197/68	245/76	220/80
Talet på framandspråklege utdanningstilbod (KD)	18	33	32	38
Talet på studietilbod i samarbeid med utanlandske institusjonar (fellesgradar/Joint Degrees) (KD)	0	0	0	0
Utreisande tilsette tilsette innan Erasmus og Nordplus (HiB) ³	61	63	50	

³ Dette er ein ny eigendefinert styringsparameter, og det vart ikkje definert måltal for 2010.

Tema KD ønskjer særskilt fokus på – Sektormål 1

Strategi for utvikling av fagporteføljen og fagleg profil, mellom anna kva vurderingar som vert gjort når det gjeld breidde versus djupne, omsynet til små og utsette fag, relevans, etc.

I den nye strategiske planen for Høgskolen i Bergen, som skal gjelde for perioden 2011-2015, er det gjort greie for kva som utgjer den faglege profilen til høgskolen. Som innleiing til oversikt over fagområde som inngår i den faglege profilen står det: *Utdanning og forskning ved høgskulen skal dekkja kunnskapsbehov i samfunnet, og hjelpe til å møta både lokale og globale utfordringar knytt til mellom anna klima, energi, velferd, fattigdom, utdanning og demografiske endringar.* Strategisk plan slår også fast at høgskolen skal prioritere etablering av master- og doktorgradsprogram i den vidare utviklinga av studieporteføljen, og at desse programma skal byggje på grunnutdanningane. Dette er ein strategi som allereie er etablert, da det ikkje har vorte utvikla nye bachelorutdanningar dei siste åra. Det er òg ei målsetting for høgskolen å utvikle felles utdanningstilbod, som til dømes fellesgradar på masternivå, i samarbeid med andre norske og utanlandske utdanningsinstitusjonar.

Kunstfaga er for tida utsette på grunn av omlegginga til ny struktur av lærarutdanninga i og med innføringa av grunnskolelærarutdanninga. Denne strukturen gjev mindre rom for valfag og gjer det vanskelegare å oppretthalde breidda i utdanningstilbodet. HiB har teke dette opp med KD og bede om ei nasjonal vurdering av kunstfaga sin posisjon.

Høgskolen i Bergen har ut over dette i dag ikkje små og utsette fag. Høgskolen har stor breidde i fagporteføljen, men aktivitetskrav frå KD i kombinasjon med ønske uttrykt frå samfunnet, gjer det vanskeleg å legge ned fag.

Vurdering av internt system for kvalitetssikring og korleis dette vert brukt strategisk og vidareutvikla

Høgskolen har eit system for kvalitetssikringsarbeidet som skal sikre kontinuerleg forbetring. Det gjev god dokumentasjon av arbeidet og kan avdekkje sviktande utdanningskvalitet. Særleg gjeld dette dokumentasjonen ved studentane si evaluering av utdanning, ulike undersøkingar, målingar og rapportar.

Høgskolen sitt system for kvalitetssikring av utdanning legg opp til brei deltaking frå tilsette og studentar. Kvalitetsforbetring av utdanning er eit tema i både avdelingsvise og sentrale utval (fagutval, studiekvalitetsutval, læringsmiljøutval, utdanningsutval), der tilsette og studentar er representerte. Det er også tema i alle institutt/program på bakgrunn av evalueringar og målingar. Høgskolen har likevel ei utfordring i å få til brei nok deltaking og engasjement frå tilsette, studentar og deira demokratiske organ i arbeidet med utdanningskvalitet.

Per i dag har høgskolen ikkje fått på plass eit godt nok elektronisk opplegg for melding av avvik, og dette vil det bli sett fokus på i tida framover. Høgskolen har dessutan i lengre tid planlagt å utforme eit opplegg for ei relevansundersøking, som ein del av kvalitetssystemet. Denne undersøkinga er no planlagt i 2011 – sjå delmål 1.1.1.

Hausten 2010 evaluerte NOKUT kvalitetssystemet for utdanningsverksemda ved høgskolen. Resultatet frå evalueringa vil vere klart våren 2011. HiB sitt arbeid med å utvikle kvalitetssystemet har vore prega av den annonserete evalueringa og tiltattelegging for denne. Høgskolen ventar på rapporten og konklusjonane i denne før det blir avgjort kva for område i kvalitetsarbeidet høgskolen vil prioritere i åra som kjem.

I samband med førebuingane til NOKUT-evalueringa vurderte leiinga ved høgskolen status og utfordringar for arbeidet med kvalitetssystemet knytt til utdanningsverksemda. I eit notat var

forankring av systemet i fagmiljøa eit tema, og det blir nemnt som ei utfordring ”å sikre at dei ulike nivåa i organisasjonen har ei felles forståing av kva arbeidet med utdanningskvalitet skal innebere og resultere i”.

Oppfølging av NOKUT sine avslutta evalueringar, revideringar og akkrediteringar. Korleis kvalitetssikringssystemet er forankra i fagmiljøa.

Dei aller fleste fagleg tilsette ved høgskolen nyttar regelmessig den delen av kvalitetssikringssystemet som er knytt til studentane si evaluering av utdanning, gjennom undervegs- og sluttevalueringar.

Høgskolen må arbeide vidare med å utvikle ei kjensle av eigarskap til heile kvalitetssystemet blant dei tilsette. Ein av metodane høgskolen har nyitta for å spreie informasjon om kvalitetssystemet er å informere breitt om resultata av undersøkingar som vert gjort, som til dømes studenttilfredsheitsundersøkinga. Det vert elles vist til punktet over.

Sjå også eigne vedlegg om oppfølging av evalueringane av ingeniørutdanninga, lærarutdanninga og førskolelærarutdanninga.

Strategi for arbeidet med internasjonalisering og korleis dette bidreg til utviklinga av den faglege verksemda og kvaliteten i utdanningane.

Medan strategisk plan for 2005-2010 hadde eit eige målområde for internasjonalisering, har høgskolen i sin nye strategiske plan valt å ikkje skilje internasjonalisering ut som eige tema, men heller integrere dette i dei andre målområda. Bakgrunnen for dette er eit ønskje om at internasjonalisering skal vere ein integrert del av all verksemd ved høgskolen. Punkt i strategisk plan knytt til internasjonalisering og utdanning er:

- utvikla felles utdanningstilbod, til dømes fellesgradar, i samarbeid med andre utdanningsinstitusjonar, nasjonalt og internasjonalt
- søkje samarbeid med gode utdannings- og forskingsinstitusjonar både i Noreg og i utlandet for å styrkja kvaliteten og relevansen på utdanningane
- auka omfanget av og kvaliteten på internasjonalisering av utdanning, også slik at studentar som ikkje reiser på utveksling får eit internasjonalt perspektiv i utdanninga
- auka talet på utvekslingsstudentar, og oppnå balanse mellom inn- og utreisande studentar

Mellom anna for å bidra til å heve kvaliteten i internasjonaliseringsarbeidet planlegg høgskolen å styrke den faglege leiinga av internasjonalisering på avdelingane ved å legge til rette for å oppnemne ein visedekan i tillegg til dekan og prodekan – sjå årsplan for 2011.

Tilrettelegging for studentar med nedsett funksjonsevne

Høgskolen i Bergen har ein eigen handlingsplan for funksjonshemma studentar, vedteken av læringsmiljøutvalet i februar 2008. I handlingsplanen vert det slått fast at studiemiljøet skal leggast til rette for studentar med funksjonshemminger, med vekt på universelle løysingar. Planen listar opp ei rekke tiltak for tilrettelegging for studentar med funksjonshemminger. Det er kontaktpersonar på kvar avdeling som er ansvarlege for tilrettelegging. Høgskolen har lagt fysisk til rette gjennom universell utforming i alle sine bygg så langt det er råd.

Arbeidet med læringsmiljøet, mellom anna samarbeidet mellom læringsmiljøutvalet og styret, og korleis dette byggjer opp under sektormål 1.

Arbeidet med læringsmiljøet skjer i stor grad på avdelingane. Til dømes har det vore nær dialog mellom studentane og leiinga ved AL for å finne løysingar på problemet med plassmangel.

I 2010 har leiarane av dei avdelingsvise studiekvalitetsutvala vore medlemer av læringsmiljøutvalet (LMU). Det har vore få saker frå avdelingane til LMU.

Læringsmiljøprisen gjekk i 2010 til førskolelærarutdanning med vekt på kunstfag. Prisen fekk dei mellom anna fordi utdanninga utmerka seg med varierte arbeidsmåtar med tett kopling til vurderingsformer, og eit gjennomført tverrfagleg arbeid innanfor kunstfaga.

I april 2010 vart det arrangert eit felles seminar for læringsmiljøutvala ved UiB, NHH og HiB. Temaet var "Synleggjering av læringsmiljøutvala".

Funn i rekrutteringsundersøkinga frå 2010 viste at fadderarrangementa i det siste har vorte vel mykje prega av festing, og at mange nye studentar reagerer negativt på dette. Høgskolen vil derfor evaluere fadderordninga og gjere ein del endringar frå 2011.

Høgskolestyret får rapport om kva saker læringsmiljøutvalet har hatt oppe, og får referat frå alle møte.

Sektormål 2

Universitet og høgskolar skal oppnå resultat av høg internasjonal kvalitet i forsking, fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid.

Verksemndsmål 2.1⁴

Universitet og høgskolar skal gjennom nasjonalt og internasjonalt samarbeid tilby forskarutdanning av høg kvalitet. Forskarutdanninga skal vere innretta og dimensjonert for å ivareta behova i sektoren og i samfunnet elles.

Delmål 2.1.1

Høgskolen skal i løpet av 2010 ha etablert ein eigen profesjonsforankra forskarskoleplattform for stipendiatar, med sentral administrativ forankring og med tett fagleg oppfølging ved avdelingane.

Høgskolen vedtok å etablere ei forskarskoleplattform våren 2010. Forskarskoleplattforma viser rutinar og ansvarsforhold gjennom heile prosessen frå utlysing av ei stipendiatstilling til disputas. Føremålet er å sikre stipendiatare ei best mogleg oppfølging både fagleg og administrativt. Det er mellom anna lagt vekt på å få til tettare administrativt samarbeid med doktorgradsinstitusjonane for å sikre progresjonen til kandidatane. Høgskolen har etter kvart fleire utanlandske stipendiatar, og rutinane for forskarskoleplattforma er derfor også omsett til engelsk. Arbeidet med å setje i verk forskarskoleplattforma er godt i gang, der nye, sentralt forankra rutinar vart innførde i 2010. Nokre utvida tiltak vart av kapasitetsgrunnar utsett til 2011. Dette gjeld mellom anna etablering av felles stipendiatforum på tvers i høgskolen. Høgskolen har etter kvart bygd solid rettlearkompetanse på professor- og førsteamanuensisnivå, og har sjølv hovudansvaret for rettleiinga av dei fleste stipendiatare. Høgskolen tek derfor sikt på å setje i verk eit opplæringsprogram for nye PhD-rettleiarar som eit tiltak i forskarutdanningsplattforma. Fleire av kandidatane tek formelt si PhD-utdanning ved utanlandske institusjonar fordi dei klassiske disiplinbaserte PhD-gradene ved norske universitet ikkje alltid dekkar høgskolen sitt behov for praksis- og næringslivsretta forskaroplæring.

Delmål 2.1.2

Høgskolen skal i løpet av 2010 ha minst 30 % fleire tilsette i stipendiatstillingar enn det departementet har gitt øyemerka midlar til.

Høgskolen hadde 22 stipendiatar tilsette på basisfinansiering per 31.12.2010. Av desse er 20 øyemerkte frå Kunnskapsdepartementet. I tillegg hadde høgskolen 2 NFR-finansierte stipendiatar og 1 stipendiat finansiert med forskingsmidlar frå Helse Vest. Høgskolen hadde såleis per 31.12.2010 totalt 25 % fleire stipendiatar enn det departementet gav øyemerkte midlar til. Måltaket vart ikkje nådd grunna ein del forseinkingar på NFR-prosjekt, der tilsetjingane av stipendiatare er utsett til 2011. I løpet av 2010 vedtok styret dessutan å lyse ut ytterlegare 5 nye stipendiatstillingar med basisfinansiering. Det vil først verte tilsett i desse stillingane i 2011.

Høgskolen nådde elles måltaket om progresjon og uteksaminerte PhD-kandidatar i 2011. Høgskolen forventar at progresjonen skal betrast ytterlegare i framtida som følgje av forskarskoleplattforma som vart sett i verk i 2010.

⁴ I årsplanen for 2010 valde høgskolen å bytte om rekjkjefølgja på verksemndsmåla på sektormål 2, fordi KD hadde ført opp styringsparameterane knytt til verksemndsmål 2.1 under 2.2 og omvendt. For rapporteringa for 2010 har KD bytta om på rekjkjefølgja på styringsparameterane og bede institusjonane ha den rekjkjefølgja som no er gjeve i sine rapportar.

Styringsparameter verksemds mål 2.1

Styringsparameter	Resultat			Resultatmål 2010
	2008	2009	2010	
Talet på uteksaminerte doktorgradskandidatar, per undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling (KD)	0,020 (9 stk)	0,018 (8 stk)	0,025 (11 stk)	0,020 (9 stk)
Delen uteksaminerte doktorgradskandidatar av personar teke opp på doktorgradsprogram seks år tidlegare (KD)	0,3 (2 av 7)	0,8 (5 av 6)	0,8⁵ (5 av 6)	0,8 (5 av 6)

⁵ Delen uteksaminerte doktorgradskandidatar perioden 2004-2010 av personar teke opp på doktorgradsprogram seks år tidlegare (2004).

Verksemdsmål 2.2⁶

Dei statlege høgskolane har eit særskilt ansvar for profesjonsretta forsking, utviklingsarbeid, kompetanseutvikling og nyskapande verksemd i regionane. Samtidig skal dei statlege høgskolane innrette sin forskingsinnsats slik at dei oppnår resultat av høg internasjonal kvalitet innan fagområde dei tildeler doktorgrad, og samarbeide nasjonalt og internasjonalt om forsking og utviklingsarbeid.

Delmål 2.2.1

Høgskolen skal i løpet av 2010 identifisere og starte utviklinga av område for søknad om profesjonsretta doktorgradsprogram.

Gjennom aktivt arbeid ved avdelingane og i FoU-utvalet identifiserte høgskolen i 2010 tre område for utvikling av profesjonsretta/næringsretta doktorgradsprogram innan utdanningsvitenskap, helsefag og IKT. Styret vedtok desse i april. Dei strategiske forskingsprogramma som vart etablerte i perioden 2008-2009 dannar no utgangspunkt for den utvida satsinga på doktorgradsområde. Styret nedsette interne arbeidsgrupper for å utforme innhaldet i doktorgradsprogramma. Det vart også sett ned referansegrupper med internasjonalt høgt anerkjende vitskaplege medlemer, tillitsvalde og studentar for å støtte opp om dette arbeidet.

Utviklinga av doktorgradsprogramma er relativt ressurskrevjande og involverer mange tilsette. Arbeidet med å identifisere eit fjerde doktorgradsområde er derfor utsett til 2011.

Delmål 2.2.2

Vitskapleg publisering skal auke med 20 % samanlikna med 2009.

Det vart arbeidd aktivt for å nå målet i 2010. Høgskolen si vektlegging på kvalitetsheving gjennom etablering av strategiske forskingsprogram og utvikling av doktorgradsprogram har støtta opp om arbeidet med å skape ein sterkare FoU-kultur, meir forskingssamarbeid med andre vitskaplege miljø, og motivasjon for å publisere forskingsresultat av høg kvalitet. Talet på tilsette med professor- og førsteamanuensis-kompetanse er stadig aukande, både gjennom kompetanseopprykking for eigne tilsette og gjennom nyrekryttering. Høgskolen har fått aukande ry som attraktiv samarbeidspart og arbeidsplass for vitskaplege, noko som fører til betra publiseringresultat. Våren 2010 innskjerpa dessutan FoU-utvalet ved høgskolen krava til publisering knytt til tildeling av FoU-tid. Det vert også knytt stor merksemd til utdeling og feiring av høgskolen sin FoU-pris, som i 2010 vart tildelt førsteamanuensis Marit Graue ved Avdeling for helse- og sosialfag. Utdeling av prisen på høgskolekonferansen gir stor merksemd og ei tildeling på 40.000 kroner, og verkar som ei god insentivordning. Høgskolen sitt fokus på forskarskoleplattforma, med vektlegging av fagleg progresjon hos stipendiatane, er også eit viktig bidrag i arbeidet med å stimulere til vitskapleg publisering (sjå delmål 2.1.1).

Også 2010 var eit krevjande år på mange område, noko som kan ha gått ut over kapasiteten til dei fagleg tilsette til å drive vitskapleg publisering. Ved Avdeling for lærarutdanning kravde innføring av ny grunnskolelærarutdanning særleg mykje tid og krefter. Ved Avdeling for helse- og sosialfag vart det utvikla ny mastergrad i klinisk sjukepleie, og det vart sett i gang fleire nye vidareutdanninger blant dei mest forskingsaktive. Dessutan vart det i 2010 lagt ned mykje arbeid knytt til vurdering og planar for omorganisering og omstilling, noko som tok mykje merksemd ved avdelingane.

Tala for vitskapleg publisering for 2010 vil på grunn av innføringa av ny norsk vitskapsindeks gjennom systemet CRISTIN ikkje vere klare før 1. april 2011. Det er derfor ikkje mogleg på rapporterings-tidspunktet å seie om målet vart nådd.

⁶ Sjå førrre fotnote.

Delmål 2.2.3

Totale midlar fra Norges forskningsråd skal auke med minst 30 % samanlikna med 2009.

Høgskolen sette seg høgt mål for dette området i 2010. Høgskolen har vektlagt dette arbeidet dei to siste åra, og fekk i perioden 2009-2010 fleire nye store forskingsprosjekt tildelt frå Norges forskningsråd. Desse ga likevel ikkje utslag i høge rekneskapstal i 2010, grunna forsinka oppstart. Rammene for tildelingane gjennom VR1 vart også minska i 2010 samanlikna med tidlegare år, der høgskolen hadde ei meir sentral rolle i VR1-programmet. Samanfallande med sluttutbetalingar for ei rekke prosjekt i 2009, klarte ikkje høgskolen å nå målet om auke gjennom nye prosjekt i 2010.

Det vil ta noko tid å byggje opp ein høg og jamn prosjektporlefølje frå Norges forskningsråd. Høgskolen arbeider aktivt med å styrke støtteapparatet for tilsette som søker ekstern finansiering, men det tek tid å byggje slik kompetanse. I juni 2010 tilsette høgskolen ny forskingsrådgjevar, som delvis arbeider med dette feltet. I 2011 er det planar om ytterlegare styrking av dette arbeidet.

Delmål 2.2.4

Høgskolen skal ha tildelt midlar frå Regionalt forskingsfond.

Det var ikkje mogleg for høgskolen å søkje som prosjektleiar på hovudprosjekt i Regionale forskingsfond Vestlandet i 2010, men høgskolen fekk tildelt midlar som prosjektleiar på i alt tre forprosjekt. Forskingsfondet gav tilsegn om inntil 200.000 kroner per prosjekt, med krav om tilsvarende eigenfinansiering. To prosjekt gjekk til Senter for nyskaping og eit til Senter for utdanningsforskning.

Høgskolen er nøgd med å ha fått tildelt midlar til forprosjekt frå Regionalt forskingsfond, og har som målsetjing å få tildelt midlar også til hovudprosjekt i 2011. Høgskolen deltek aktivt i arrangementa som Hordland fylkeskommune har i regi av Regionalt forskingsfond, både frå fagleg hald og frå forskingsadministrasjonen. Høgskolen er også aktiv i forhold til å melde inn område som er viktige å prioritere for utvikling av regionen.

Delmål 2.2.5

Høgskolen skal ha delteke i minst to søknadar til EU sitt sjuande rammeprogram for forsking,

Høgskolen arrangerte hausten 2010 kurs og seminar i samarbeid med Universitetet i Bergen og Havforskningsinstituttet, for å førebu til deltaking i søknadar til EU sitt sjuande rammeprogram. Dette er eit krevjande og langsiktig arbeid. Høgskolen deltok ikkje i søknader i 2010. Høgskolen vil fortsetje å stimulere til slik aktivitet.

Styringsparameter verksemds mål 2.2⁷

Styringsparameter	Resultat			Resultatmål 2010
	2008	2009	2010	
Tildelingar frå Forskningsrådet per undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling (KD)	14,05	19,05	16.82	24,80
Tildelingar frå EU per undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling (KD)	0	0	0	0

⁷ Styringsparametren ”Talet på publikasjonspoeng per undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling” går ut ved denne rapporteringa, fordi rapporteringstala ikkje er klare ved rapporteringstidspunktet. Årsaka er at fristen for rapportering av publikasjonar for 2010 er satt til 1. april 2011 på grunn av innføringa av Cristin. Av same grunn går også høgskolen sin eigendefinerte styringsparameter, talet på publikasjonar, ut ved denne rapporteringa.

Tema KD ønskjer særskilt fokus på – sektormål 2

Strategi for arbeidet med internasjonalisering i forsking og utviklingsarbeidet, og korleis dette bidreg til å heve kvaliteten i forskarutdanninga og forskingsverksemda.

Høgskolen arbeider aktivt med å auke kvaliteten på internasjonalt samarbeid innan både forsking, utvikling og nyskaping. Det er særleg sett fokus på dette i arbeidet med utvikling av doktorgradsprogramma, der høgskolen har knytt til seg utanlandsk fagekspertise som medlemer til referansegruppene. Alle professorane og førsteamannensane som er med i utviklinga av doktorgradsprogramma har forskingssamarbeid på internasjonalt nivå, noko som også kjem stipendiatane til gode. Alle stipendiatane ved høgskolen er knytte til miljø som har internasjonalt samarbeid, og dei fleste er kopla opp mot doktorgradsområda. Dette ligg forankra i høgskolen sin Handlingsplan for FoU/N 2008-2010, som var vedteken av høgskolestyret i 2008. Handlingsplanen la grunnlaget for satsinga på forsking og forskarutdanning ved høgskolen. Hausten 2010 vart resultata av handlingsplanen vidareførte i form av nye overordna mål og tiltak i ny strategisk plan 2011-2015. Her står internasjonalisering av forsking og forskarutdanning sentralt.

I 2010 tok høgskolen initiativ til nye samarbeidsrelasjonar. Det vart mellom anna inngått nye og utvida avtalar om forskings- og forskarutdanningssamarbeid med East China Normal University (ECNU) og Shanghai Theatre Academy i Kina innan utdanningsvitenskap, og med Coimbatore Institute of Technology, India, innan teknologisk forsking. ECNU er mellom anna ein sentral samarbeidspart i høgskolen sitt SHP-prosjekt *Barnehagen som danningsarena*, og høgskolen mottok i samband med dette ein større kinesisk delegasjon i august 2010. Høgskolen arbeider aktivt med å etablere tettare samarbeid med fleire kinesiske institusjonar, som Chinese Academy of Science. Rektor ved HiB er også styreleiar for det norske Konfutse-instituttet. Elles har høgskolen etablert eit tett samarbeid med University of Marburg og Danmarks Teknologiske Universitet om forskarutdanning innan programvareutvikling. Gjennom Senter for omsorgsforskning vart høgskolen i 2010 partnar i eit stort internasjonalt prosjekt for å kartleggje praksis i omsorgstenestene for eldre. Prosjektet er leia frå Canada. Vidare var høgskolen vertskap for den 8. kongressen for World Association for Laser Therapy i september 2010, med 150 deltagarar. Høgskolen hadde presidentskapet for denne organisasjonen i 2009-2010. Innan satsingsområdet kunnskapsbasert praksis gjennomførte høgskolen hausten 2010 ei vekes rundreise til engelske miljø for å etablere tettare samarbeid på master- og doktorgradsnivå.

I 2010 vart også høgskolen tildelt nye Leonardo-prosjekt innan nyskaping og entreprenørskap som vil vere viktige med omsyn til internasjonal erfaringsutveksling og etablering av nye tiltak innan dette satsingsfeltet ved høgskolen. Høgskolen er i ferd med å utvikle ei forskingssatsing på dette feltet, og samarbeidsrelasjonar innan utdanningsprogramma vil på sikt også gi synergieffekt inn mot forskingssamarbeid.

Arbeidet med å utvikle og konsentrere FoU-innsatsen og utvikle fagmiljø av høg kvalitet.

2010 vart eit milepælsår for konsentrering av forskingsinnsatsen for å utvikle fagmiljø av høg kvalitet. FoU-utvalet og styret gjorde gjennom handsaming i ei rekke møte våren 2010 vedtak om utvikling av tre doktorgradsområde med konsentrering av ressursar inn mot desse, i form av både professorat, stipendiatar, FoU-tid og driftsmidlar. Områda byggjer samla sett på alle mastergradsutdanningane ved høgskolen, slik at mastergradsstudentar på sikt kan få høve til å ta ei praksisretta forskarutdanning ved høgskolen innan høgskolen sine profesjonsområde. Det er nå stor merksemd blant dei vitskapleg tilsette ved høgskolen om å få ta del i denne kvalitetsutviklinga.

Tiltak for å auke gjennomstrøyminga i forskarutdanninga og status for rekruttering på ulike fagområde.

Det er under delmål 2.1.1 gjort greie for korleis høgskolen har arbeidd med å implementere ei forskarutdanningsplattform for å auke gjennomstrøyminga av PhD-kandidatar. Høgskolen har gjennom dei tre siste åra prioritert nye stipendiatsstillingar inn mot strategiske forskingsprogram og mastergradar. Våren 2010 vedtok styret at nye stipendiatsstillingar finansiert av basismidlar skal konsentrerast inn mot doktorgradsområda. Høgskolen set krav om at stipendiataane skal ha tilbod om god kvalitet i intern rettleiing, minst på førsteamanuensis nivå, der rettleiar er aktiv forskar med god vitskapleg publisering. Dei er elles også alltid knytt opp mot ein intern professor og eit større miljø ved HiB i tillegg til rettleiinga dei får ved gradsinstitusjonen. Høgskolen sørger gjennom vedtak og i arbeidet med ekstern finansiering for at det er noko lunde jamn fordeling av stipendiatar mellom dei tre hovudsatsingsområda. Dette er for at det ikkje skal skapast for stor ubalanse mellom dei tre avdelingane ved høgskolen. Høgskolen hadde per 31.12.2010 22 stipendiatar som fordelte seg slik: 9 innan lærar- og forskolelærarutdanning; 9 innan helse- og sosialfag; 6 innan IKT. Rekrutteringa av stipendiatar har vore god i 2010, med fleire kvalifiserte søkerar til kvar stilling. Dessutan har forskingsmiljøet i helsefag fleire stipendiatar knytt til seg gjennom Helse Vest-midlar, men der desse formelt er tilsett i Helse Bergen. Høgskolen har ikkje møtt vanskar med rekruttering av gode kandidatar til verken helsefag eller IKT-fag, jf. utfordringane i sektoren på desse områda.

Høgskolen sitt arbeid mot og utbytte i regionale forskingsfond.

Sjå delmål 2.2.4.

Sektormål 3

Universitet og høgskolar skal medverke til å spreie og formidle resultat frå forsking og fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid og bidra til innovasjon og verdiskaping basert på desse resultata.
Universitet og høgskolar skal òg leggjer til rette for at tilsette og studentar kan delta i samfunnsdebatten.

Verksemds mål 3.1

Universitet og høgskolar skal gjennom formidling og deltaking i offentleg debatt tilføre samfunnet resultata frå forsking og utviklingsarbeid.

Delmål 3.1.1

Omfanget av brukar- og allmennretta FoU-formidling skal auke med 5 % samanlikna med 2009.

Høgskolen nådde dette målet med god margin – auken i den totale registreringa av publisering inkludert brukar- og allmennretta formidling i ForskDok ser ut til å kunne bli heile 15 %. Samtidig er det klart at formidlingsaktiviteten i røynda er enda større enn det vi kan lese av ForskDok, da vi veit at det ikkje er all aktivitet som har blitt registrert, så som intervju i media og ein del gjesteforelesingar.

Ein av høgskolen sine viktigaste kanalar for allmennretta forskingsformidling er forskning.no. Høgskolen har hatt som mål å publisere ei sak i månaden gjennom dette forumet. Høgskolen klarte å halde dette målet gjennom heile året, og publiserte til saman 14 saker på forskning.no, til tross for redusert bemanning blant informasjonsmedarbeidarane våren 2010. Sakene høgskolen publiserer på forskning.no genererer stor merksemd, først og fremst nasjonalt, men iblant også internasjonalt. Sakene har lang levetid. Frå april 2010 vart Høgskolen i Bergen for første gong representert i styret til forskning.no, ved at informasjonsleiar vart vald inn som varamedlem.

Høgskolen deltok som vanleg aktivt på *Forskningsdagene*, og bidrog med tre foredrag, to skoleprosjekt, tre forskingsstasjonar og vandreteater om Ole Bulls drøymeverd. Eit nytt tiltak av året var Forsker Grand Prix, ein konkurranse i forskingsformidling, der ein stipendiat frå høgskolen deltok. Alle avdelingane ved høgskolen deltok med innslag på Forskningsdagene.

I løpet av året arrangerte høgskolen fleire seminar og konferansar i samarbeid med lokalt samfunns- og næringsliv.

Høgskolen sin eigendefinerte kvantitative styringsparameter for formidling:

Total registrering av publisering samt brukar- og allmennretta formidling i FORSKDOK

Styringsparameter	Resultat			Resultatmål 2010
	2008	2009	2010	
Total registrering av publisering samt brukar- og allmennrettet formidling i ForskDok (HiB)	732	846	973 ⁸	888

⁸ Ikke kvalitetssikra tal før 1. april 2011.

Verksemdsmål 3.2

Universitet og høgskolar skal medverke til samfunns- og næringsutvikling gjennom utdanning, innovasjon og verdiskaping.

Delmål 3.2.1

Høgskolen skal ha starta utviklinga av ein ny handlingsplan for samhandling med samfunns- og næringsliv i løpet av 2010.

Arbeidet med å utvikle handlingsplanen vart starta opp i 2010. FoU-dagen 6. oktober var vigg til høgskolen si rolle i samfunnet, med tittelen *Forskinsbasert utdanning for samfunnet – Høgskolen i Bergen som samfunnsaktør*. Mange representantar frå samfunns- og næringsliv deltok og bidrog på denne dagen.

Handlingsplanen er under utvikling, og vil verte forankra i ny strategisk plan 2011-2015 og i ny strategi for forsking, utvikling og nyskaping 2011-2015, som vil verte utarbeidd våren 2011.

Handlingsplanen vil ta omsyn til nye krav frå departementet for 2011 om konsentrering og arbeidsdeling i sektoren, og til kravet om etablering av eksternt råd med medlemer frå arbeidslivet. Sentera ved høgskolen vil ha ei sentral rolle i planen.

Delmål 3.2.2

Delen oppdrags- og bidragsfinansiert aktivitet (eksklusiv NFR og gåver) skal utgjere minst 9 % av dei samla driftsinntektene i 2010.

Oppdrags- og bidragsfinansiert aktivitet eksklusiv NFR og gåver utgjorde 9,46 % av driftsinntektene i 2010.

For å auke den bidrags- og oppdragsfinansierte aktiviteten legg administrasjonen ved høgskolen til rette for og hjelper med utforming av søknadar, budsjettering og kontraktar i samband med utlysingar frå både offentleg og privat sektor. Seksjon for forsking og ekstern samhandling har både forskingsrådgjevarar som assisterer mot forskingsprosjekt og eit Kontor for etter-, vidareutdanning og oppdrag (EVO-kontoret) som koordinerer andre utlysingar, anbod og tilbod. Seksjonen arbeider aktivt saman med avdelingane og fagmiljøa for å leggje til rette for etablering av samarbeidsavtalar på institusjons- og avdelingsnivå om forsking og utvikling, tilrettelagte grunnutdanningar, og etter- og vidareutdanningar. I 2010 vart det til dømes etablert nye rammeavtalar med UniResearch as, NAV Hordaland, Husbanken og Hardangerrådet. Rammeavtalen med UniResearch byggjer på fleire konkrete samarbeidsprosjekt som allereie er i gang, mellom anna *Senter for omsorgsforskning, Den kulturelle skolesekken, VRI* og eit større NFR-prosjekt innan IKT. Det vert elles arbeidd aktivt for å etablere samarbeidsprosjekt om utvikling av kunnskapsbasert praksis med dei ulike helseføretaka i Noreg. Høgskolen leier mellom anna ei stor tematisk forskingssatsing på kunnskapsbasert praksis i helseføretaka i Helse Vest, finansiert med midlar frå samarbeidsorganet i Helse Vest.

I 2010 har høgskolen hatt ei sentral rolle i den regionale etter- og vidareutdanninga av lærarar, med store tildelingar frå Utdanningsdirektoratet. Høgskolen har elles mellom anna fått nye tildelingar frå Norgesuniversitetet, fleire prosjekt knytt til utvikling av Norsk Digital Læringsarena, midlar frå Helse- og omsorgsdirektoratet til utvikling av læremateriell for støttekontaktar, og til andre prosjekt som er omtala under sentera nedanfor i rapporten.

Delmål 3.2.3

Høgskolen skal ha eit aktivt eigarskap i Bergen Vitensenter as og i NCE Subsea drift as, for å sikre god integrering med kjerneverksemda til høgskolen.

Høgskolen sitt eigarskap i Bergen Vitensenter as og NCE Subsea drift as er av fagleg karakter og relatert til samfunnsmandatet til høgskolen. Eigarskapet i desse selskapa er av stor tydnad for anna

verksemd i høgskolen. Begge selskapa bidreg aktivt til auka rekruttering til utdanningane ved høgskolen, til regional innovasjon og til generell samfunnsformidling.

Bergen Vitensenter as er driftsselskapet for VilVite. VilVite har som føremål å formidle kunnskap om naturvitenskap og teknologi til samfunnet på tvers av generasjonane, for dermed å auke interessa for og rekrutteringa til MNT-faga. Dette kan ha langsigkt tyding for rekrutteringa til både lærarutdanning og ingeniørutdanning. Det er viktig for høgskolen å utnytte forholdet til Bergen Vitensenter as på ein god måte, og det vert lagt til rette for at studentane ved alle avdelingane vert kjende med aktivitetane ved VilVite, og lærarane nyttar i enkelte tilfelle VilVite i sine undervisningsopplegg. I 2010 deltok høgskolen i ei lokal satsing på VilVite gjennom ein emisjon. Saka vart handsama i høgskolestyret. Talet på aksjar for HiB etter emisjonen er 450. Verdien er 1000 kroner per aksje. Dette tilsvasar 19 % av aksjane i Bergen Vitensenter AS. Nye eigalarar i 2010 er Bergen Børsfond med 200 aksjar og Kaffehuset Friile AS med 100 aksjar.

Høgskolen sitt eigarskap i NCE Subsea Drift as og engasjement i ekspertsenteret NCE Subsea la grunnlaget for bachelorutdanninga i undervassteknologi ved høgskolen. Vidare har det resultert i eit mastergradssamarbeid med NTNU i undervassteknologi og eit mastergradssamarbeid med UiO i innovasjon og entreprenørskap med vekt på teknologileiing. Høgskolen inngjekk i februar 2010 i ein ny samarbeidsavtale med NCE Subsea drift as og Norwegian Centre of Expertise Subsea. Avtalen varer frå 01.01.2010 inntil kontrakten med NCE-programmet går ut eller avsluttast, seinast sommaren 2016.

Høgskolen sikrar at NCE Subsea drift as tek vare på samfunnsansvaret sitt ved føringar gjeve gjennom:

- vedtekter for oppretting av selskapet og foreininga
- styrerepresentasjonen til høgskolen i selskapet
- samarbeidsavtale med foreininga NCE Subsea
- deltaking i generalforsamlingane til selskapet og foreininga

Høgskolen hentar inn opplysningar om selskapet si ivaretaking av samfunnsansvaret gjennom:

- styremøte og andre møte med dagleg leiar i selskapet
- observatørrolle med uttalerett i foreininga NCE Subsea sine styremøte
- evalueringar sett i verk av foreininga NCE Subsea
- direkte deltaking av tilsette ved høgskolen i aktivitetar i klynga, på lik line med andre partnarar

Delmål 3.2.4

Høgskolen skal ved utgangen av 2010 ha implementert ny policy for handtering av IPR og etablert nye rutinar for innhenting av kommersialiserbare idéar.

Hausten 2009 oppretta høgskolen ei arbeidsgruppe for å utarbeide eit overordna policydokument for høgskolen si handtering av immaterielle rettar (IPR). Framleggget frå arbeidsgruppa var på høyring ved avdelingane og fagforeiningane ved høgskolen våren 2010, før det vart sendt til FoU-utvalet, som støtta framleggget. Styret godkjende forslaget til IPR-policy for Høgskolen i Bergen i juni 2010. Styret bad samtidig om at det vert utarbeidd nødvendige retningslinjer for implementering av IPR-policyen. Arbeidet med å utarbeide slike retningslinjer starta hausten 2010, og vert ferdigstilt våren 2011. Retningslinene vil mellom anna leggje grunnlaget for ein revidert samarbeidsavtale med Bergen Teknologioverføring (BTO) om arbeidet med kommersialisering av forskingsresultat.

Høgskolen samarbeider med BTO gjennom FORNY-programmet, og gjennom arbeidet med å utvikle IPR-policy har høgskolen gitt større merksemd til dette feltet i 2010. Dette vil fortsetje i 2011 med

meir konkret arbeid retta mot innhenting av idéar frå eigne tilsette. Senter for nyskaping ved høgskolen vil ha ei sentral rolle i dette arbeidet. Senteret har stor aktivitet retta inn mot idéfangst hjå studentar, med eigen studentinkubator for etablering av studentbedrifter. Senteret driv også Nyskapingsparken Inkubator på vegne av UiB og NHH. Inkubatoren er organisert som eit samarbeidsprosjekt og rettar seg primært inn mot bedriftsetablering frå tilsette i FoU-miljøa i Bergen. Likevel lukkast det ikkje for høgskolen å etablere bedrifter basert på patenterte idéar frå eigne tilsette i 2010. Arbeidet med nyskaping og entreprenørskap ved senteret er omtala under.

Delmål 3.2.5

Høgskolen skal arbeide for å oppnå fullfinansiering av mettingsdykkarutdanninga frå KD og næringslivet.

Høgskolen arbeider kontinuerleg for å nå dette målet etter at det våren 2010 vart lagt fram nye utrekningar som viste ei sterk auke i kostnadane i prosjektet. Styret ved høgskolen har handsama saken i fleire omgangar, og ser alvorleg på utviklinga av mettingsdykkarutdanninga. Styret føreset at restfinansieringa vert dekt av stat og oljeselskap.

I løpet av 2010 gjennomførte høgskolen forhandlingar med fleire instansar med sikte på å sluttføre prosjektet. Sluttfinansieringa vart diskutert med KD, som stilte til utsikt 5 mill. til sluttfinansiering. I tillegg arbeidde høgskolen vidare med sikte på å auke næringslivet sine bidrag.

Høgskolen har kartlagt kva som gjenstår for å fullføre prosjektet, og arbeider no med å kvalitetssikre sluttarbeidet og innhente anbod frå fleire med tanke på å få ned kostnadane.

Mettingsdykkarutdanninga utgjer framleis ein av dei største økonomiske risikoane til Høgskolen i Bergen.

Styringsparameter verksemadmål 3.2

Styringsparameter	Resultat			Resultatmål 2010
	2008	2009	2010	
Delen oppdrags- og bidragsfinansiert aktivitet i høve til samla driftsinntekter (KD) ⁹	8,8 %	8,1 %	6,9 %	9 %
Talet på nyopprettet selskap (KD)	0	0	0	0
Talet på forretningsidear (KD)	0	0	1	1

⁹ Høgskolen nytta litt andre tal ved utrekninga av denne parameteren da årsplanen for 2010 vart laga. Måltalat på 9 % vart derfor sett ut i frå eit resultat i 2009 på 8,6 %.

Verksemdsmål 3.3

Fag- og forskingssentera ved høgskolen skal vere ein regional og nasjonal drivkraft innanfor sine fagområde. Sentera skal kunne bidra med sin eigen kompetanse på tvers av avdelingane (HiB sitt eige verksemdsmål).

Delmål 3.3.1

Høgskolen skal i løpet av 2010 gje sentera rammevilkår til å verte integrerte som ein del av fagmiljøa ved høgskolen.

Sentera ved høgskolen vert stadig meir integrerte med fagmiljøa innanfor dei avdelingane dei formelt er knytt til. Ved Avdeling for lærarutdanning er hovudsakleg all forsking i dei ulike fagseksjonane knytt opp mot dei to sentera Senter for kunstfag, kultur og kommunikasjon og Senter for utdanningsforskning gjennom dei tverrfaglege strategiske forskingsprogramma. Desse har i 2010 teke nok eit steg vidare og gått saman om å utvikle eit heilsakleg doktorgradsprogram der sentera står sentralt i koordinering og tilrettelegging av arbeidet. Ved Avdeling for helse- og sosialfag får Senter for kunnskapsbasert praksis ei stadig meir sentral rolle som avdelinga sitt forskingssenter, der tilsette ved ulike institutt knyter seg opp mot senteret og der senteret har ei sentral rolle i forhold til å koordinere helsefagleg forsking i regionen. Senteret har også fått ansvar for å utvikle doktorgradsprogram i helsefag. Ved Avdeling for ingeniørutdanning deltek Senter for nyskaping i utviklinga av mastergrad i teknologileiing og entreprenørskap, og byggjer opp forskings- og utviklingsprosjekt i innovasjon og entreprenørskap med koplinger til ulike institutt ved avdelinga.

Alle sentera vart tildelt sentrale strategiske midlar i 2010 som ledd i tildeling av strategiske midlar til avdelingane. Dei strategiske midlane dekker utgiftene til senterleiar og administrativ ressurs, samt at dei skal posisjonere sentera for å hente inn eksterne midlar. Sentera har aukande portefølje av eksterne midlar og samarbeider tett med Seksjon for forsking og ekstern samhandling.

Senter for kunnskapsbasert praksis**Delmål 3.3.2**

Senter for kunnskapsbasert praksis skal bidra til å auke forskingskompetansen, auke evna til å nytte forskingsbasert kunnskap i praksis, samt sikre utnytting av ny forskingsbasert kunnskap i utdanningsprogramma.

Forskargruppa ved Senter for kunnskapsbasert praksis var aktiv i 2010. Forskarane dreiv både med vitskapleg formidling i internasjonale tidsskrift, fagleg formidling og populærvitskapleg formidling.

Forskargruppa rettleiar 11 stipendiatar, og to stipendiatar disputerte i løpet av 2010. Det har vorte utvikla eit nettverk av personar som har fullført sine PhD-ar og noverande stipendiatar. Senteret bidreg i dette nettverket ved å arrangere samlingar og seminar, som først og fremst er retta mot helsefagleg personell og aktive forskrarar innan sektoren. Dette skal medverke til å auke den helsefaglege kompetansen i samfunnet.

Senteret skal leie arbeidet med å utvikle eit doktorgradsprogram innan helsefag og har fått professorkvalifiseringsstipend for dette. Arbeidet vert intensivert i 2011.

I løpet av året kom kull nummer to i gang med mastergrad i Kunnskapsbasert praksis. Senteret arrangerte òg til saman seks vidareutdanninger i 2010 – tre vidareutdanninger i *Å arbeide og undervise kunnskapsbasert*, og vidareutdanninger i *Par- og familieterapi, Fleirkulturell forståing i arbeid med barn og familiar* og i *Kvalitative metodar på PhD-nivå*. Det vart arrangert vidareutdanning både på Løvåsen undervisningssjukeheim og for Helse Bergen. Desse vidareutdanningane er eit ledd i implementeringa av kunnskapsbasert praksis i desse organisasjonane. Senteret vidareutvikla også eit nettbasert kurs i Kunnskapsbasert praksis, i samarbeid med Nasjonalt kunnskapssenter.

Senter for utdanningsforskning

Delmål 3.3.3

Eit overordna mål for senteret er å imøtekome behovet for meir forsking relatert til utdanning og bidra til å utvikle eit betre grunnlag for informerte avgjerder i høgre utdanning, skole og barnehage. Senteret skal utvikle innsikt som kan fremje demokratisk innovasjon, sosial likskap og medborgarskap gjennom blant anna å fokusere på samanhenger mellom kunnskap, utdanning, danning og identitet. Ein særleg viktig oppgåve for senteret er å utforske og forstå utdanningsinstitusjonar som kunnskapskulturar og -organisasjonar.

Senter for utdanningsforskning arbeidde godt med å realisere dei overordna måla definert i årsplanen for 2010. Senteret utvikla og utvida forskingsporteføljar med relevans for avgjerder i skole og barnehage. Senteret arrangerte mellom anna den internasjonale *OMEP-konferansen* – eit forum som fremjar deltaking og rettar for barn. Året gav ei fin utvikling av Kina-samarbeidet innanfor barnehageforskning. Senteret utvida samarbeidet til forsking og samarbeid om skole og lærarutdanning, mellom anna gjennom ein ny og viktig samarbeidsavtale med Institute of School Reform and Development ved ECNU i Shanghai. Senteret arrangerte møte og seminar med det kinesiske utdanningsdepartementet om lærarutdanning. Andre viktige arrangement var den internasjonale *Pestalozzi-konferansen* i september og bidrag til den nasjonale konferansen *Utdanningskonferansen.no*. Senteret lukkast i å etablere *Forum for utdanningsvitenskap og danning*. FORPRO arrangerte fleire avdelingsovergripande dagskonferansar, var bidragsytar og samarbeidspartner til nasjonale nettverk innanfor profesjonsforskning og etikk og bidrog til utvikling av regionale samarbeid om utdanningar og regionale forskingsinitiativ innanfor utdanning og leiing.

Ein stor del av verksemda ved senteret er organisert kring det strategiske forskingsprogrammet *Lærarprofesjonalitet*. Verksemda og kompetansen vert bygd opp som eit strategisk bidrag til utviklinga av doktorgradsprogram ved Avdeling for lærarutdanning. Det var stor forskings- og utviklingsaktivitet i 2010, der senteret arbeidde med professorkvalifisering og vart tildelt nye stipendiatstillingar for å utvikle doktorgradsområdet. Samtidig bidrog senteret inn mot mastergraden i undervisningsvitenskap.

Senter for kunstfag, kultur og kommunikasjon

Delmål 3.3.4

Senter for kunstfag, kultur og kommunikasjon skal bidra til at høgskolen grunnfestar sin posisjon som ein av dei leiande utdanningsinstitusjonane for kunstfagleg utdanning, forsking og utviklingsarbeid.

Senter for kunstfag, kultur og kommunikasjon hadde i 2010 hovudfokus på å etablere det strategiske forskingsprogrammet *Kunstfagdidaktikk*. I løpet av året vart det gjennomført to større samlingar med inntil 40 deltakarar frå avdelinga. I samband med ei samling i mai vart vitskapleg rådgjevingskomité for programmet innkalla. Dei ulike delområda i programmet gjennomførte mindre forskingsseminar.

Forskningsprogrammet inneheld fleire prosjekt. Eit døme på eit slikt prosjekt er det EU-finansierte forskningsprosjektet DICE (Drama Improves Lisbon Key Competences in Education). Hausten 2010 vart dette prosjektet avrunda med ein nasjonal konferanse med internasjonal deltaking på Høgskolen i Bergen. Prosjektet har tiltrekt seg både nasjonal og internasjonal merksemd. Det vart også arrangert ein større internasjonal konferanse i regi av EU-kommisjonen der høgskolen var sentral arrangør og deltakar med presentasjon.

Senteret er sentralt i dei kunstfaglege masterstudia ved høgskolen. I 2010 deltok senteret i planleggingsarbeid knytt til oppretting av eit nytt masterstudium i Barne- og ungdomslitteratur frå 2011.

Forskningsinnsatsen på Den kulturelle skolesekken, som starta i 2009, går etter planen. I november vart statusmøte med oppdragsgjevar (KD, KKD og Norsk Kulturråd) gjennomført med gode tilbakemeldingar. Gjennom dette prosjektet har HiB posisjonert seg som forskningsinstitusjon på nasjonalt nivå innan kulturfeltet.

Kunstfagfeltet ved HiB har gjennom 2010 vorte meir samla i arbeidet med fleirfaglege perspektiv.

Senter for nyskaping

Delmål 3.3.5

Senter for nyskaping skal vidareutvikle seg som eit forskings- og kompetansesenter innan nyskaping og entreprenørskap for både høgskolen, næringsliv og samfunn.

Senter for nyskaping (SfN) la i 2010 vekt på å sikre fornying og utviding av prosjektporleføljen, og hadde eit spesielt fokus på oppbygging av forskingskapasitet. Det var ønskeleg å skape ein betre balanse mellom tilrettelegging for og fasilitering av nyskaping og entreprenørskap. Ein av dei tilsette oppnådde førstekompetanse etter disputas våren 2010, og i juni 2010 lukkast det å tilsetje ein professor ved senteret som tok til i stillinga i januar 2011. Den styrka fagkompetansen ved senteret vil danne grunnlag for eit godt nettverk mot andre forskingsmiljø, nasjonalt og internasjonalt. Det vart levert fleire søknadar til Regionalt forskingsfond Vestlandet der Høgskolen i Bergen anten var hovudsøkjær eller var med på eit samarbeid med andre. SfN vart tildelt to av desse. Det vart også sendt ein søknad til *Forskarprosjekter* i VRI, som ein har forventning til kan starte opp i 2011.

Senteret har ein del av ansvaret for innhald og vidareutvikling av mastergradstudiet i Innovasjon og entreprenørskap, og medverka i dette arbeidet også i 2010. I tillegg vart det halde eit nytt sertifiseringskurs for etablererrettleiarar på oppdrag frå Innovasjon Norge og HFK.

I løpet av året leidde senteret delprogramma *Kompetansemegling og Personmobilitet* i VRI-programmet 2010 (NFR), koordinert av Hordaland fylkeskommune, og vidareførte arbeidet med rekruttering og kompetanseutvikling i det nasjonale ekspertsenteret NCE Subsea. Senteret hadde ansvaret for å leie, drifte og vidareutvikle *Nyskapingsparken Inkubator*, eit partnarsamarbeid mellom HiB, UiB, NHH, HFK, SIVA og Bergen kommune. Gjennom Program for idéfangst og entreprenørskap vart det også satsa på vidareutvikling av HiB sin eigen studentinkubator og gjennomført ulike tiltak retta mot studentane i regionen. Dette arbeidet vert gjort i tett samarbeid med studentorganisasjonane ved dei høgare utdanningsinstitusjonane. Andre sentrale prosjekt var eit oppdrag frå SNU om kartlegging av miljøteknologi i Sunnhordland, eit prosjekt for Verdsbanken, eit prosjekt for Norad, to Leonardoprosjekt, samt satsinga på omsorgsteknologi som eit samarbeid på tvers av avdelingane.

Tema KD ønskjer særskilt fokus på – sektormål 3

Arbeidet med stimulering og tilrettelegging for innovasjon og entreprenørskap.

Ved Høgskolen i Bergen har Senter for nyskaping eit særskilt ansvar for å stimulere til og leggje til rette for innovasjon og entreprenørskap. Senteret har stor aktivitet (sjå delmål 3.3.5).

Senterets *Program for idéfangst og entreprenørskap* har gjennomført ei rekke tiltak retta mot studentar for å stimulere til interesse for og kunnskap om entreprenørskap. Programmet driv ein eigen studentinkubator for studentar som vil starte eiga bedrift. Målgruppa for Idéfangstarbeidet er alle dei høgare utdanningsinstitusjonane i regionen, og aktivitetane skjer i tett samarbeid med studentorganisasjonane.

Senteret har òg driftsansvaret for *Nyskapingsparken Inkubator*, som er ein regional FoU-inkubator som hjelper nye vekstbedrifter frå utdanningsmiljøa med å lukkast i den viktige etableringsfasen. Inkubatoren var i 2010 evaluert av SIVA og fekk SIVA-finansiering for to nye år. Inkubatoren har også prosjektleiaransvar for Prosjekt *Kvinnovasjon*. Dette er eit nytt prosjekt som vart etablert i 2010 som eit felles prosjekt mellom fem forskjellige miljø i Hordaland, der ein ønskjer å hjelpe fram kvinnelege etablerarar. Nyskapingsparken har også søkt og fått vidareføring av prosjektet Inunett for 2,5 år frå Hordaland fylkeskommune. Prosjektet er eit samarbeid mellom inkubatorar og næringshagar. I tillegg har inkubatoren prosjektansvaret for prosjektet kalla Distribuert modell, der dei hjelper bedrifter som er lokalisert ute i distriktet. Inkubatoren har internasjonalt samarbeid med innovasjonsmiljøa i Bosse Normandie i Frankrike gjennom Hordaland fylkeskommune sin samarbeidsavtale. HiB ved Senter for nyskaping fekk i 2010 også leiarskapet for eit Leonardoprosjekt om inkubatordrift og entreprenørskap.

Gjennom senteret driv høgskolen også innovasjonsarbeid blant bedrifter og i bedriftsnettverk og klynger. Sentrale prosjekt i 2010 var *VRI – Virkemiddel for regional innovasjon* (NFR) koordinert av Hordaland fylkeskommune, kompetanseutviklingsarbeid i NCE Subsea, arbeid med kartlegging av miljøteknologi i Sunnhordland, sekretariatsansvar for Samarbeidsprosjektet for Osterfjordregionen og høgskolen si satsing på helse- og omsorgsteknologi. Senteret har også søkt og fått tildelt forprosjekt frå Regionalt forskingsfond der eit prosjekt fokuserer på innovasjonspolitikk og utvikling av næringsklynger, og eit anna gjeld entreprenørskap og forretningsutvikling i kystregionane.

I høve til entreprenørskap i utdanninga er høgskolen si satsing på mastergraden i innovasjon og entreprenørskap særskilt viktig. Høgskolen byggjer opp forskingskompetanse på dette området, og vil i 2011 søkje om akkreditering av denne mastergraden. Vidare driv senteret sertifiseringskurs for dei som skal rettleie etablerarar ute i førstelinjenesta i kommunane.

Arbeidet med å utvikle retningsliner for immaterielle rettar og forbetre handteringen av slike rettar.

Sjå delmål 3.2.4.

Høgskolen si tilrettelegging for god tilgjengelegheit av forskingsresultat, herunder Open Access, og anna fagleg aktivitet for allmenta og samfunnet.

Høgskolen har gjennom Handlingsplan for forsking, utvikling og nyskaping 2008-2010 lagt vekt på å stimulere til Open Access-publisering. Høgskolen har, i den grad det har vore mogleg, delteke i utvikling av Bergen Open Research Archive, slik som presentert i tidlegare årsrapportar. Høgskolen ønskjer å satse endå sterkare på dette i åra som kjem med vektlegging på at tilsette i aukande grad krev tilrettelegging for slik publisering gjennom ulike samarbeidsfora. Her vil biblioteket ha ei sentral rolle.

Arbeidet med å auke bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet.

Sjå delmål 3.2.2

Sektormål 4

Universitet og høgskolar skal organisere og drive verksemda si på ein slik måte at samfunnsoppdraget blir best mogleg ivareteke innanfor ramma av disponibele ressursar.

Verksemstmål 4.1

Universitet og høgskolar skal sikre ei god og effektiv forvalting av ressursane.

Delmål 4.1.1

Høgskolen skal nå vedtekne milepælar i prosjektet Analyse, reorganisering og omstilling ved Høgskolen i Bergen, vedteke av styret i 2009.

Omstillingsarbeidet ved høgskolen skjer på mange område. Høgskolen kom eit viktig steg vidare i omstillingsprosjektet da styret i april 2010 vedtok kva tre doktorgradsområde høgskolen skal arbeide vidare med. Det skjer ei kontinuerleg utvikling i høgskolen når det gjeld kompetanseheving og satsing på forsking. Når det gjeld utdanningstilbodet har høgskolen sett i gang eit analysearbeid for å utvikle eit verkty for å vurdere ressursbruken knytt til dei forskjellige utdanningane.

Omstillingsprosjektet var tema på et leiarseminar i juni 2010, og leiargruppa slo fast at prosjektet måtte prioriterast høgt i haustsemesteret. Dette let seg realisere ettersom ny personaldirektør var på plass frå august. Hausten 2010 vart Ernst & Young brukt som konsulentar for utarbeidninga av prosjektplanen for omstillinga. I løpet av haustsemesteret vart også ei prosjektleiarstilling lyst ut, og prosjektleiarene byrja i stillinga i januar 2011. Den nye prosjektlearen skal leie prosjektet "Saman til Kronstad". Dette er eit delprosjekt i omstillingsprosjektet som har desse føremåla:

- å etablere *ein* administrasjon til forvalting og drift
- å utvikle einskapleg verksemstsstyring
- å vidareutvikle og motivere for ein felles kultur og identitet

I prosjektomtala er det også vist korleis dette delprosjektet relaterer seg til dei andre delane av omstillingsprosjektet, som er faglege utviklingsprosjekt og fagleg organisering, samt byggje-prosjektet. Dette er viktig mellom anna fordi ein av risikoane høgskolen har peikt på for 2011 er at ein ikkje klarer å få god nok integrasjon mellom "Saman på Kronstad" og nybyggprosjektet.

Seinhaustes 2010 byrja arbeidet med å presentere "Saman til Kronstad" i forskjellige fora i høgskolen.

Inneverande åremålsperiode i høgskolen går ut midt i 2011. For å førebu dette vart det hausten 2010 utnemnd ei intern arbeidsgruppe med ein ekstern representant, som fekk i oppdrag å vurdere styring og leiing på institusjons- og avdelingsnivå. Samtidig vart NIFU Step bede om å gjennomføre ei analyse/evaluering av styringsstrukturen ved høgskolen basert på gruppeintervju, survey og dokumentstudiar. Surveyen til NIFU Step viste at eit klart fleirtal av dei tilsette ved høgskolen ønskte å fortsetje med ordninga med vald rektor, og dette var også NIFU Step si tilråding. Arbeidsgruppa på si side tilrådde tilsett rektor. Høgskolestyret vedtok i sitt møte i desember at høgskolen den neste fireårsperioden skal ha vald rektor. Det skal framleis vere einskapleg leiing på avdelings- og grunneiningsnivå, og dekanar og leiarar for grunneiningane skal framleis tilsettast.

Avdelingane arbeidde i løpet av hausten med å evaluere den faglege understrukturen, og deira tilrådingar gjekk inn i styresaka der styret vedtok korleis denne strukturen skulle sjå ut for den neste fireårsperioden i januar 2011.

Det er viktig at høgskolestyret er tydeleg involvert i omstillingsprosessane og legg førингane for det arbeidet som skal skje. I november 2010 vart det arrangert styreseminar med omstillingsprosjektet som tema.

Høgskolen må sikre involvering av dei tilsette og studentar i omstillingsprosessen, og eit viktig element i årsplanen for 2010 var derfor å legge til rette for god intern kommunikasjon. Våren 2010 arrangerte høgskolen eit godt besøkt nettmøte om nybygget, der leiinga svarte på spørsmål frå dei tilsette. Det har også vorte etablert eit forum på intranettet (Allmenningen), der dei tilsette kan kome med sine spørsmål og kommentarar og diskutere omstilling så vel som andre tema. I og med tilsettinga av ein ny prosjektleiar vil den interne kommunikasjonen rundt omstillingsprosjektet bli følgd betre opp i tida som kjem, med mellom anna ei eiga intranettside for informasjon om dette temaet.

Delmål 4.1.2

Høgskolen skal utvikle nybygget optimalt, og sikre ekspansjonsmoglegheiter for høgskolen i Kronstadområdet.

Høgskolebygget på Kronstad har vore gjennom ein lang planleggingsfase. Allereie i 2005 vart forprosjektet godkjent av Finansdepartementet og Kunnskapsdepartementet. Dermed var størrelsen på bygget og kostnadsramma fastlagt. I 2009 kom arbeidet med detaljprosjektet i gang, med den klare føresetnaden at forprosjektet var grunnlaget for planlegginga. Høgskolen har likevel arbeidd vidare med ein del viktige endringar i layouten, som tek omsyn til dei endringane i studium som har skjedd etter at forprosjektet vart godkjent. Det grunnleggjande prinsippet for prosjekteringen og i detaljfasen har vore fleksibilitet og optimal romutnytting.

For å sikre moglegheita for ekspansjon på Kronstad har høgskolen stilt spørsmål om dette til sentrale politikarar og tatt temaet opp med både Statsbygg og KD ved fleire høve. Medan KD har signalisert at tomta skal holdast av til høgskoleføremål, stiller Statsbygg spørsmål ved kven som skal dekkje rekninga for at tomta inntil vidare vert liggjande ubrukt.

Aktiviteten knytt til nybyggprosjektet var stor i 2010, og vart prega av at rivinga og gravinga på Kronstadområdet tok til for alvor ved byrjinga av året. I september la statsråd Tora Aasland ned grunnsteinen for bygget. Heile året gjekk med til å førebu byggegrøpa og påbegynne rehabiliteringa av dei gamle bygga. Det var også arbeid med førebuing og innhenting av anbod.

Delmål 4.1.3

Høgskolen skal drifta bygningsmassen på ein økonomisk og forvaltingsmessig effektiv og god måte.

Høgskolen har halde ved lag budsjettildelingane til vedlikehald, men er i ein situasjon der det ikkje er naturleg å bruke ressursar på større endringar i bygningsmassen. Store utlegg til drift av bygningsmassen vil mellom anna hindre måloppnåing i høve til å auke avsettingane.

Høgskolen sørgde i 2010 for å samordne dei ulike leigekontraktane for areal på Nygård. Det vart også inngått avtale med huseigaren i Møllendalsveien om leige av vaktmeistertenester.

Styringsparameter verksemds mål 4.1¹⁰

Styringsparameter	Resultat			Resultatmål 2010
	2008	2009	2010	
Driftsutgifter per avglat heiltidsekvivalent (KD)	135	132	138	130
Forholdet mellom talet på tilsette i undervisnings-, forskings- og formidlingsstillingar og talet på tilsette i administrative stillingar (KD)	2,94	2,87	2,87	2,8

¹⁰ Styringsparametren ”Driftsutgifter per publikasjonspoeng” går ut ved denne rapporteringa, fordi rapporteringstala ikkje er klare ved rapporteringstidspunktet. Årsaka er at fristen for rapportering av publikasjonar for 2010 er satt til 1. april 2011 på grunn av innføringa av Cristin.

Verksemadmål 4.2

Universitet og høgskolar skal gjennom sin personalpolitikk medverke til eit høgt kompetansenivå, eit godt arbeidsmiljø og eit mindre kjønnsdelt arbeidsliv.

Delmål 4.2.1

Høgskolen skal lage ein rekrutteringsplan, spesielt i høve til forventa aldersavgang.

På grunn av manglande ressursar vart dette arbeidet ikkje påbegynt i 2010, men det vil vere ein del av omstillingsprosjektet "Saman til Kronstad" i 2011.

Høgskolen laga i 2010, som tidlegare år, ein plan over samansettinga av personalet i høgskolen som viste utviklinga på dei ulike verksemdsområda. Høgskolen er inne i ein vekstfase, og det vert i tida som kjem viktig å sjå erstatningsbehov og nyrekryttering i samanheng, og rekrutteringsplanen vil vere viktig i denne samanhengen.

Delmål 4.2.2

Delen tilsette med doktorgrad skal auke i 2010, særleg innan fagområde som skal utviklast til doktorgradsutdanningar.

Talet på førsteamanuensar og professorar auka frå 153 i 2009 til 186 i 2010. Dette innebar at desse stillingsgruppene auka frå 34 % av alle undervisnings-, forskings- og formidlingsstillingar i 2009 til 40,8 % i 2010. Auken fordelte seg meir eller mindre jamt på dei forskjellige avdelingane og fagområda på høgskolen. Dette er eit godt resultat, og i samsvar med dei overordna strategiane til høgskolen.

Delmål 4.2.3

Delen kvinnelege professorar skal auke i 2010.

I året 2010 slutta ein kvinneleg professor på grunn av oppnådd aldersgrense, medan to nye mannlige professorar byrja ved høgskolen. Dette medførte ein relativ nedgang i talet på kvinnelege professorar. Nedgangen skjedde trass i at høgskolen gjorde mykje godt arbeid knytt til likestilling i 2010. Høgskolen har lagt vekt på å auke forskingskompetansen til kvinnelege tilsette. Mellom anna har ein byrja å stimulere til etablering av forskingsgrupper for at forskarane skal kunne støtte kvarandre i utviklinga av eiga forskarkarriere, og i 2010 implementerte høgskolen ein plan for meir systematisk oppfølging av stipendiatane (sjå delmål 2.1.1). Dette er særleg gunstig for kvinner, som gjerne ønskjer ei tettare oppfølging og som ofte føretrekk å arbeide i team. Delen kvinnelege førsteamanuensar i høgskolen auka med vel 36 % i perioden 2007-2010.

Det er ei stor utfordring å få søkerar av begge kjønn til undervisnings- og forskarstillingar i teknologifaga. Høgskolen arbeidde derfor også i 2010 målbevisst med å få fleire kvinnelege søkerar til studiar innan teknologiske fag.

Høgskolen vil gje utfordringa med å heve delen kvinnelege professorar ytterlegare auka merksemid i 2011.

Høgskolen i Bergen vann Likestillingsprisen 2010, og ser dette som ei påskjønning for arbeidet høgskolen har lagt ned i å oppnå auka likestilling gjennom mange år.

Delmål 4.2.4

Høgskolen skal vidareutvikle livsfasepolitikken.

På grunn av ressursmangel vart ikkje dette delmålet følgt opp i 2010. Dette delmålet er heller ikkje vidareført i årsplanen for 2011. I staden er det eit delmål for 2011 å utarbeide ein ny handlingsplan for HMS.

Høgskolen er oppteken av å bidra til eit inkluderande arbeidsliv (IA) og arbeider kontinuerleg med å bli betre på oppfølging og tilrettelegging av tilsette.

Styringsparameter verksemndsmål 4.2 (1)

Styringsparameter	Resultat			Resultatmål 2010
	2008	2009	2010	
Delen førstestillingar av totalt tal på undervisnings-, forskar- og formidlingsstilling (KD)	30,9 %	35,5 %	41 %	40,0 %

Styringsparameter verksemndsmål 4.2 (2)

Delen kvinner etter stillingskategori (KD)	Resultat			Resultatmål 2010
	2008	2009	2010	
Høgskolelærar	80,6 %	82,8 %	71,9 %	80 %
Høgskolelektor	64,8 %	63,8 %	61,8 %	62 %
Førstelektor	58,9 %	63,9 %	64,0 %	69 %
Førsteamanuensis	44,2 %	48,0 %	51,5 %	55 %
Professor	30,6 %	31,0 %	29,1 %	32 %
Alle stillingar	59,8 %	59,7 %	58,7 %	60 %

Verksemds mål 4.3

Universitet og høgskolar skal ivareta høg kvalitet i økonomi-forvaltinga. God intern kontroll og effektiv ressursforvalting skal takast omsyn til i dei strategiske prioriteringane ved institusjonen.

Delmål 4.3.1

I løpet av 2010 skal avsettingane auke, og dei skal utgjere 3 % av total statleg løyving.

Foreløpige rekneskapstal viser at høgskolen hadde om lag 8,8 mill. kr i avsettingar ("del av tilskot sett av til statleg finansiert verksemd") per 31.12.10. Avsettinga har auka med om lag 1,1 mill. kr samanlikna med 2009 og utgjer om lag 1,46 % av total statleg løyving (2009: 1,34 %). Høgskolen forskutterte i 2010 for om lag 3,6 mill. kr knytt til nybygget, og dette er utgifter som høgskolen vil få refundert i 2011, ref. brukarløyvinga for 2011 (totalt 85 mill. kr). Dersom ein justerer for dette vil avsettingsnivået auke til 1,9 % av statleg løyving. Medverkande årsaker til at høgskolen ikkje klarte målsettinga om å byggje opp avsettingane til 3 % av statleg løyving var auka utgifter knytt til innføringa av ny grunnskolelærarutdanninga hausten 2010, ei ikkje forventa, stor auke i straumutgiftene til høgskolen, og eit redusert overskot frå oppdragsverksemda. I tillegg var det ein del av tiltaka for å kutte kostnadane som ikkje hadde den venta effekten i 2010, jamfør "Ledelseskommentarer til regnskapet for 2010".

Delmål 4.3.2

Høgskolen skal ikkje få vesentlege merknadar frå Riksrevisjonen knytt til økonomiforvaltinga.

Høgskolen fekk ikkje vesentlege merknadar i revisjonsbrev for rekneskapet 2009 frå Riksrevisjonen, datert juni 2010. Riksrevisjonen melder at dei har fått tilfredsstillande svar på alle sine kommentarar og spørsmål. Høgskolen følgjer opp tiltaka knytt til dette delmålet fortløpende, og held heile tida fokus på kvalitetskontroll. Eksterne prosjekt får no tettare oppfølging gjennom høgskolen sitt kontor for etter-, vidareutdanning og oppdrag (EVO-kontoret), og prosjektverktyet Artemis har vorte teken i bruk.

Delmål 4.3.3

Høgskolen skal ha som mål å etterleve og utnytte moglegheitene i regelverket for offentlege nyskaffingar for å oppnå best mogleg resultat i innkjøpsarbeidet og utnytte ressursane til høgskolen optimalt.

Nyskaffingsområdet fekk ikkje veldig tett oppfølging i første halvår av 2010, ettersom innkjøpsleiar da fungerte som driftsdirektør. Innkjøpsleiarstillinga vart gjenopprettet etter sommaren, slik at området vart styrkt med omsyn til både kompetanse og ressursar. Ansvar for innkjøp vart samtidig flytta til seksjon for økonomi, medan seksjon for drift og fellesenester vart lagt ned.

For å sikre at avtalar er kjende vert nye avtalar kunngjort på e-post til dei avtalen vedkjem. Det har vore ein intensjon å opprette nye nettsider som gjer avtalane tilgjengelege på ein betre måte, men det var ikkje råd å prioritere dette arbeidet i 2010.

For å leggje betre til rette for enkel utarbeiding av protokollar har høgskolen utvikla malar som er enkle å følgje opp. Vidare har det vorte oppretta ein samlesak i ePhorte for innkjøp mellom 100.000 og 500.000 kr.

Arbeidet med tilbod for interiørarkitekt til nybygget kravde store personalressursar hausten 2010. Ein konsekvens av dette var at ein ikkje greidde å følgje godt nok opp behovet for informasjon og opplæring knytt til regelverket om offentlege nyskaffingar.

Styringsparameter verksemds mål 4.3

Styringsparameter	Resultat			Resultatmål 2010
	2008	2009	2010	
Likviditetsgrad (omløpsmiddele /kortsiktig gjeld) (KD)	1,15	1,3	1,33	1,4
Avregningar (gjennomføringa av budsjettet i rekneskapsåret) (KD)	25.522	3.345	1.101	-7.800
Resultat frå oppdragsverksemd (i tusen kr) (HiB)	4.259	5.067	3.936	5.500

Kommentarar til dei kvantitative styringsparameterane

For nærmere omtale av utviklinga i styringsparameterane – sjå leiingskommentar i rekneskapsavlegget for 2010.

Verksemdsmål 4.4

Universitet og høgskolar skal bidra til at nasjonale kunnskapsressursar vert forvalta heilskapleg og til at oppgåver og ansvar vert fordele og løyste gjennom samarbeid.

Delmål 4.4.1

Høgskolen skal avklare framtidig samarbeid på institusjonelt og fagleg nivå med andre institusjonar.

I november 2009 inviterte Høgskolen i Bergen dei andre høgskolane i regionen (Høgskulen i Sogn og Fjordane (HSF), Høgskolen Stord/Haugesund (HSH) og Høgskulen i Volda (HVO)) til å gå med i eit forpliktande samarbeid for å oppnå universitetsstatus. Dei fire høgskolane sette ned ei arbeidsgruppe med representantar frå kvar av høgskolane, som skulle lage ei kort innstilling om ein skulle gå vidare med grundigare utreiingar om slikt samarbeid og påfølgjande fusjon.

Arbeidet i arbeidsgruppa viste at HSF, HSH og HVO alle ønskte å setje i gang eit utgreiingsarbeid som kunne gje grunnlag for å vurdere framtidige samarbeidsrelasjonar mellom dei fire institusjonane, men at ei slik utgreiing måtte vere open og uforpliktande. For HiB var det ikkje aktuelt å gå inn i ein prosess som ikkje tok utgangspunkt i styret sitt vedtak om universitetsstatus som målsetjing. Arbeidsgruppa konkluderte derfor i den endelege rapporten med at ho ikkje kunne anbefale ei vidare utgreiing. Styret ved HiB slo på denne bakgrunn fast at det ikkje var grunnlag for å gå vidare med denne saka, at det la til grunn at etablerte samarbeidsrelasjonar vart vidareførte, og at leiinga også søker anna samarbeid som kan bidra til fagleg vidareutvikling av høgskolen mot universitetsstatus.

Denne avklaringa om forholdet til andre institusjonar i regionen var viktig for høgskolen, ettersom det reduserte risikoen knytt til at alt for opne SAK-prosessar kunne hemme framdrifta i arbeidet med å realisere overordna strategiar for høgskolen.

Delmål 4.4.2

Høgskolen skal innan utgangen av 2010 vere i gang med utvikling av minst ein ny fellesgrad med ein annan norsk utdanningsinstitusjon.

Dette målet vart nådd i 2010, da Avdeling for ingeniørutdanning ved utgangen av året var godt i gang med å skrive søknad til NOKUT om akkreditering av felles mastergrad med Universitetet i Oslo i Innovasjon og entreprenørskap (sjå også delmål 1.1.3). Denne søknaden vil verte sendt innan fristen 15. mars 2011. Det bør vere gode mogleigheter for å få søknaden godkjend, mellom anna fordi det i januar 2011 vart tilsett ein professor ved Senter for nyskapning.

AI hadde også eit møte med NTNU i oktober 2010 om vidare samarbeid om master i undervass-teknologi. Det er også undertekna ein intensjonsavtale med UiO om samarbeid om ein master i kommunikasjonssystem. I tillegg har avdelinga hatt innleiande samtalar med UiB om samarbeids-master i Energiteknologi, som på sikt kan bli ein fellesgrad.

AHS har starta arbeidet med å utvikle ein mastergrad innan området eldre i samarbeid med høgskolane i UH-nett Vest og private høgskolar i regionen.

Styringsparameter verksemds mål 4.4

Styringsparameter	Resultat			Resultatmål 2010
	2008	2009	2010	
Studietilbod i samarbeid med andre institusjonar (fellesgradar) (KD)	1	1	2 ¹¹	2

¹¹ Rapporteringa til DBH vart ikkje korrekt på dette punktet. Dei aktuelle fellesgradane er master i programutvikling i samarbeid med UiB og faglærarutdanning for tospråklege lærarar i samarbeid med seks andre høgskolar. Den siste fellesgraden er ikkje rapportert som fellesgrad, ettersom dette av tekniske grunnar ikkje lar seg gjere.

Tema KD ønskjer særskilt fokus på – sektormål 4

Underbygging av faglege ambisjonar innan forsking og utdanning gjennom strategiske val i økonomisk prioritering og rekruttering.

Høgskolen i Bergen har dei siste åra arbeidd strategisk og systematisk for å underbyggje faglege ambisjonar innan forsking og utdanning. Det er eit overordna mål for høgskolen å byggje tilstrekkeleg kompetanse til å kunne oppnå status som universitet i løpet av dei neste ti åra. På denne bakgrunn har høgskolen brukt mykje ressursar på å byggje opp forskingskompetanse og -miljø. For 2010 vart det mellom anna sett av strategiske midlar til faglege satsingsområde, strategiske forskingsmidlar og særskilt styrking av FoU/N.

I 2010 prioriterte høgskolen å bruke ressursar på å utvikle område for søknad om profesjonsretta doktorgradsprogram (sjå delmål 2.2.1). For å konsentrere forskingsressursane og heve kvaliteten på forskinga har høgskolen dei siste åra gjennom tildelinga av FoU/N-ressursar bygt opp forskingsgrupper og strategiske forskingssatsinger. Høgskolen har også prioritert å satse på tiltak som skal bidra til at fagleg tilsette kan oppnå førstekompetanse. Det har også vorte øyremerka midlar for tilsetting av stipendiatar (sjå delmål 2.1.2). Ved lysing av nye stillingar har førstekompetanse vorte vektlagt. I tillegg har høgskolen valt å bruke ressursar på å styrke den forskingsadministrative kompetansen.

Personalpolitiske verkemiddel som bidreg til å realisere målet om eit høgt kompetansenivå, eit godt arbeidsmiljø og eit mindre kjønnsdelt arbeidsliv.

Sjå punktet over og delmål 4.2.3.

Oppfølging av gjeldande regelverk for nyskaffingar og forvalting av bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet.

Høgskolen arbeidde i 2010 aktivt for å betre oppfølginga av regelverket for nyskaffingar, mellom anna ved å følgje opp merknadane Riksrevisjonen hadde i høve til revisjonen av budsjettåret 2009. Eit viktig tiltak som vart gjennomført var å styrke nyskaffingsområdet med ressursar og kompetanse ved at stillinga som innkjøpsleiar igjen vart besett.

Det vart i 2010 tatt eit viktig grep for å betre styringa av den bidrags- og oppdragsfinansierte aktiviteten, i og med at eit nytt prosjektstyringsverkty, Artemis, vart innført. Dette gjev dei som arbeider med eksternt finansierte prosjekt hyppigare oppdateringar på den økonomiske situasjonen i prosjektet, og dermed moglegheit til å oppdage avvik på eit tidlegare tidspunkt. I samband med dette vart det gjennomført opplæring i bruk av Artemis i stort omfang.

Institusjonane i regionen har drøfta eit auka samarbeid og har vurdert å søke SAK-midlar til administrativt samarbeid. I desse drøftingane har særleg innkjøpsområdet vore eit tema.

Oppfølging av internkontroll, ref. reglement for økonomistyring i staten § 14 – relatert både til system og kvalitetssikringsrutinar

Ein sentral reiskap for å følgje opp internkontroll ved høgskolen er HiB sitt kvalitetssystem. Sentrale element i dette systemet er Kvalitetsmanifestet, rutineskildringer, etiske retningslinjer, risikosystem, strategisk plan og årsrapport og -plan. Systemet er skildra i detalj på høgskolen sine nettsider.

Høgskolen har gode system for oppfølging av merknadar frå Riksrevisjonen. I 2010 svarte HiB tilfredsstilande på alle dei forhold Riksrevisjonen peikte på, knytt til revisjon av informasjonstryggleik, førebygging og avdekking av misleghald og årsrekneskapen for 2009, og fekk ingen vesentlege merknadar.

For 2011 har høgskolen sett av ekstra ressursar for å arbeide vidare med internkontroll i institusjonen. Det er mellom anna behov for å byggje kontrollrutinar for dei lågare nivåa inn i eit heilskapleg system.

Høgskolen sitt arbeid med å redusere mellombelse tilsettingar i ordinære utdannings- og forskarstillingar.

Høgskolen gjekk i 2010 grundig gjennom den samla personalporteføljen med sikte på å kartlegge omfanget av midlertidig tilsette og å redusere bruken av midlertidig tilsette. Sjå elles Høyringsfråsegn frå Høgskolen i Bergen til Kunnskapsdepartementet av 15.02.2011 om tiltak for å redusere talet på midlertidig tilsette.

Dei 10 viktigaste risikomomenta for Høgskolen i Bergen i 2010

Det kan vere ein risiko for at:

- ***høgskolen ikkje maktar å prioritere ressursar inn mot strategisk overordna mål på grunn av bindingar og lite handlingsrom i budsjettet, aktivitetskrav og stramme rammer frå KD (delmål 4.3.1).***

Sannsyn redusert frå 4 til 3, konsekvens uendra.

Høgskolen har klart å auke avsettingsnivået i forhold til 2009, sjølv om målsettinga om 3 % avsetting ikkje vart nådd.

Høgskolen følgde i 2010 opp tiltaka knytt til denne risikoen, og opprettheldt mellom anna ein god dialog med KD og andre involverte instansar. Høgskolen tok også konkrete grep for å følgje opp omstillingssprosjektet, ikkje minst gjennom å lyse ut og tilsetje i ei stilling som prosjektleiar.

Den uavklarte situasjonen rundt mettingsdykkarutdanninga skapar framleis usikkerheit i høve til om høgskolen vil makte å skape eit tilstrekkeleg stort handlingsrom til å kunne prioritere nok midlar inn mot strategisk overordna mål.

- ***for brei deltaking i enkelte SAK-prosessar hemmar framdrifta i arbeidet med å realisere overordna strategiar for høgskolen (universitetsambisjonen) (delmål 4.4.1).***

Sannsyn uendra, konsekvens redusert frå 5 til 4.

Ei viss avklaring er nådd på dette området. HiB legg opp til å prioritere kva SAK-prosessar ein vil delta i ut frå eigne strategiske mål.

- ***det internasjonale samarbeidet ikkje er godt nok forankra gjennomgåande i institusjonen (delmål 1.3.1).***

Sannsyn redusert frå 4 til 3, konsekvens uendra.

I 2010 vart samarbeidsavtalane til høgskolen gjennomgått, med diskusjonar om kva samarbeidsinstitusjonar som var viktige for høgskolar, og dette bør ha skapt eit større medvit rundt samarbeidet på fleire nivå. I tillegg vart det vedteke at det frå hausten 2011 skal vere to prodekanar ved kvar avdeling, mellom anna for å styrke den faglege leiinga av internasjonaliseringsarbeidet ved avdelingane.

- ***doktorgradskandidatane ikkje får ei rettleiing ved sine gradsinstutusjonar som i tilstrekkeleg grad er retta inn mot høgskolen sine strategiske forskingssatsingar innan profesjonsforskning (delmål 2.2.1).***

Risiko (sannsyn og konsekvens) uendra.

Høgskolen har gjennom utviklinga av forskarutdanningsplattforma følgt opp tiltak i høve til å effektivisere rutinar og kvalitetssikre prosedyrar for å auke kvaliteten i eigen sakshandsaming og progresjon. Mellom anna vert det lagt vekt på auka samarbeid med doktorgradsinstitusjonane. Det kan likevel vere vanskeleg å finne PhD-program/rettleiarar med ønska fagprofil for våre stipendiatprosjekt. Høgskolen stiller derfor no krav til at rettleiing skal verte gjeve av eigne tilsette for at stipendiatane skal få den naudsynte praksisretta forskaropplæringa som det er behov for i utviklinga av høgskolen sine profesjonsfag. Høgskolen legg også til rette for opptak til PhD-utdanning i utlandet der det finst rettleiingskompetanse som passar betre til høgskolen si forskingssatsing for utvikling av eigne profesjonsfag. For å redusere risikoen starta høgskolen arbeidet med utvikling av eigne praksisretta/næringsretta doktorgradsprogram i 2010.

- ***mettingsdykkerutdanninga medfører større økonomisk risiko for høgskolen enn tidlegare anteke (delmål 3.2.5).***

Risiko (sannsyn og konsekvens) uendra.

Tiltak er sett i gang for å redusere risikoen, som ny anbodsspesifikasjon på sluttarbeidet og konkurransen om gjenståande arbeid.

- ***høgskolen manglar areal i nybygget på Kronstad på grunn av aktivitetsauke (delmål 4.1.2).***

Risiko (sannsyn og konsekvens) uendra.

Det er sett i gang tiltak med analyse av kapasitet og studentvekst. Tiltak er også i gang for å undersøke moglegheitene for samarbeid med andre aktørar/interessentar i området.

- ***høgskolen ikkje har tilstrekkeleg med ressursar til å følgje opp utviklingsoppgåver (delmål 4.2.1).***

Risiko (sannsyn og konsekvens) uendra.

På grunn av kapasitetsmangel har det ikkje vore mogleg å gjennomføre tiltaka for å redusere risiko.

- ***høgskolen ikkje får rekruttert medarbeidarar med god kompetanse i høve til framtidige behov innan forsking og undervisning, samt for teknisk-administrativt personale (delmål 4.2.1).***

Risiko (sannsyn og konsekvens) uendra.

Medan risikoen vart ståande uendra i 2010 håper høgskolen risikoen skal verte mindre i framtida. Høgskolen si satsing på kvalitetsutvikling i 2010, med vedtak om utvikling av doktorgradsprogram, vil

gjere høgskolen til ein meir attraktiv arbeidsplass for høgt kvalifisert vitskapleg personale. Det vart også sett i gang eit større omstillingssprosjekt i 2010 som tar sikte på å leggje til rette for ei kvalitetsheving av administrasjon og forvaltning fram mot innflytting på Kronstad. Saman med vektlegging av å bygge felles kultur og identitet for heile høgskolen, håper høgskolen at dette skal bidra til at HiB også skal trekkje til seg høgt kvalifisert teknisk-administrativt personale.

- ***høgskolen ikkje klarer å tiltrekke seg dyktige kvinner med professorkompetanse innan teknologiske fag (delmål 4.2.3).***

Risiko (sannsyn og konsekvens) uendra.

Dette er ei internasjonal utfordring og det vil ta lang tid å endre dette. Risikoen vart ikkje redusert i 2010, og vil heller ikkje verte redusert i nærmaste framtid. Høgskolen har fått likestilingsprisen for 2011. Prisen vil mellom anna verte nytta inn mot å rekruttere kvinnelege professorar til teknologifaga.

- ***det ikkje er tilstrekkeleg kjennskap til regelverket for offentlege nyskaffingar blant høgskolen sine tilsette (delmål 4.3.3).***

Innkjøpsområdet vart styrkt hausten 2010 i høve til både personalressursar og kompetanse. Men arbeidet med nyskaffingar knytt til nybygget gjorde at det vart mindre tid til generell opplæring/informasjon. Risikoen vart derfor uendra – men sannsynet på denne risikoen var nok satt noko høgt i første omgang.

Anna rapportering

Samarbeid, arbeidsdeling og konsentrasjon (SAK)

Høgskolen i Bergen si målsetting med å delta i SAK-prosessane er at desse skal byggje opp under institusjonen si overordna strategiske målsetting om å vidareutvikle institusjonen kvalitetsmessig til eit regionalt forankra universitet, med basis i sentrale profesjonsutdanningar – lærarutdanning, helse- og sosialfagutdanningar og ingeniørutdanningar. Høgskolen i Bergen deltek aktivt i ei rekke SAK-prosessar både i regionen og elles, med sikte på å fremje forsking og utvikling, studiar og undervisning, primært tilpassa behov i regionen. I dette inngår eit utstrakt samarbeid med andre høgare utdannings- og forskingsinstitusjonar, næringsliv, offentleg forvaltning og praksisfeltet for å skape synergieffektar, fremje samarbeid og arbeidsdeling. I arbeidet med å realisere den overordna strategiske målsettinga er det avgjerande at høgskolen vidareutviklar kvalitet i sin forskingskompetanse inn mot utvalde sentrale område, både i samspele med andre institusjonar i regionen, dels utanfor regionen, og i samspele med eit regionalt næringsliv som står for ein stor del av verdiskapinga i Noreg.

HiB satsar på å byggje kvalitet gjennom vidareutvikling av forskingskompetansen til dei tilsette, så vel som gjennom målretta rekrutteringsarbeid for å tiltrekke seg forskingskompetanse gjennom nyrekruttering. Vidareutvikling av kvalitet både generelt og innan særlege fagområde vil vere underliggende for dei SAK-prosessane HiB prioriterer å gå inn i.

Tidlegare var det Høgskolen i Bergen sin ambisjon å byggje eit regionalt forankra profesjonsuniversitet saman med dei andre høgskolane i Vestlandsregionen med sikte på framtidig fusjon mellom desse. Sonderingar mellom dei aktuelle høgskolane tidleg i 2010 viste at ein framtidig fusjon p.t. ikkje er ei aktuell problemstilling. Vegen vidare må derfor byggje på vidareutvikling av etablerte samarbeidsrelasjonar, og dermed ein mindre grad av samarbeid enn det som ville vore aktuelt dersom fusjon var målet. Dei aktuelle SAK-prosessane HiB deltek i er omtalte under.

Ny grunnskolelærarutdanning vart starta opp i 2010, og gjennom prosjektløyvingar (SAK-midlar) til aktuelle høgskolar innan **Region Vest**, bestående av HiB, HSH, HSF, HVO og NLA, har det vore mogleg for høgskolane å ta eit felles ansvar for tilbodet om ny grunnskolelærarutdanning innan regionen (sjå elles vedlegg for rapport om bruk av SAK-midlar til grunnskolelærarutdanninga). Samarbeidet omfattar ein felles rekrutteringsstrategi i sektoren, slik at den enkelte student skal få eit breiast mogleg fagleg tilbod, inkludert valfag. Målet er at studentane skal kunne bevege seg på ein smidig måte mellom institusjonane etter faglege interesser og behov. Ei viss arbeidsdeling er etablert, der HSF saman med HVO vil ta eit hovudansvar for å utvikle eit deltidstilbod ved utstrakt bruk av "digitale" læringsarenaer. HSH har prosjektansvaret for å utvikle ein felles digital infrastruktur som kan nyttast både til fagleg utvikling og til undervisningsføremål. HiB har sekretariatansvaret for prosjekta samla, mellom anna prosjekt som er etablerte for å styrke faga og vidareutvikle faglege fellesskap i storleksjonar. I tillegg vil HiB ha hovudansvaret for å kunne oppretthalde eit breitt tilbod om kunstfag i lærarutdanninga.

Utviklinga av samarbeid, arbeidsdeling og konsentrasjon innan grunnskolelærarutdanninga er krevjande, og det er enno eit stykke att før desse prosessane har gitt naudsynte resultat. I den samanheng kan ein vise til at detaljplanlegginga av år 3 og 4 i grunnskolelærarutdanninga gjenstår. Etter Høgskolen i Bergen sitt syn vil det gjenståande arbeidet best kunne skje innan Region Vest, blant dei institusjonane som faktisk arbeider med vidareutvikling av grunnskolelærarutdanninga. I tråd med den arbeidsdelinga det er lagt opp til vil HiB be om at det vert oppretta deltidstudieplassar i regionen, og sameleis at det vert oppretta nokre fleire studieplassar innan kunstfaga som HiB vil ha eit særleg ansvar for på vegne av regionen. Vi vil komme attende til ei talfesting av slike plassar i dialog med departementet.

Samarbeid og arbeidsdeling om grunnskolelærarutdanning mellom høgskolane i Region Vest må sjåast i samanheng med samarbeidet om vidareutvikling av lærarutdanninga innanfor **UH-Nett Vest**, der også UiB er deltakar, men ikkje NLA. Dette samarbeidet omfattar primært forskingssamarbeid mellom to eller fleire av samarbeidspartnerane. Det er etablert årlege forskingssymposium der problemstillingar, framdrift og resultat vert drøfta i høve til dei prosjekta som er etablerte. Oversikt over etablerte forskingsprosjekt kjem fram i ein eigen rapport frå UH-nett Vest. I tillegg kjem prosjektet "Rektorskolen", som har vorte gjennomført med gode resultat ein gong, og det er gjort vedtak om vidareføring. Rektorskolen er eit tilbod som skal sikre kompetanseoppbygginga for skoleeigarar i regionen, der pedagogiske leiarar utgjer målgruppa. HSH har på vegne av UH-Nett Vest utarbeidd ein SAK-søknad for 2011 om felles digital infrastruktur til undervisningsføremål og fagleg utviklingsarbeid.

Gjennom langvarig nettverksamrbeid i **Musikk-nett Vest** er det no også etablert ein forskarskole innan musikk der HiB deltek. Høgskolen i Bergen har ei strategisk satsing på kunstfag som eit viktig kvalitetselement i lærarutdanninga. Høgskolen har frå tidlegare etablert eit masterstudium i musikkpedagogikk. Kandidatar frå denne utdanninga vil kunne arbeide vidare med doktorgradsutdanning gjennom deltaking i denne forskarskolen.

Høgskolen deltek i eit samarbeidsprosjekt i UH-Nett Vest som vurderer moglegheita for å etablere ein forskarskole innan helse- og sosialfag. Høgskolen har sterke forskingsmiljø innan desse fagområda og vil derfor ut frå eigne strategiar vidareutvikle desse for å etablere ei doktorgradsutdanning.

På same måte er HiB ein del av eit utstrakt samarbeid innanfor teknologiområdet gjennom **TEKNO-Vest**, som strekkjer seg frå Ålesund i nord til Stavanger i sør. Samarbeidet har vart i fleire år, og er kjenneteikna av eit nært samarbeid med næringslivet i regionen. HiB står for ein stor del av den samla utdanninga av ingeniørar i regionen. Men det er også eit stort behov i næringslivet for ingeniørar utdanna på eit høgare nivå. Som ein del av den strategiske målsettinga om å bli universitet har HiB derfor innarbeidd den strategiske målsettinga om å utvikle sivilingeniør/mastergradsutdanning på utvalde fagområde. Samarbeidsrelasjonane for å løfte denne ambisjonen strekkjer seg ut over regionen. Det er inngått **bilaterale avtalar** om spesifikke mastergradar, mellom anna med UiB (master i programutvikling – fellesgrad), NTNU (master i undervassteknologi) og UiO (Master of Innovation and Entrepreneurship og master i kommunikasjonssystem). Fleire er under planlegging, mellom anna ein master i energiteknologi. Delvis i forlenginga av denne ambisjonen har det vore samarbeidsdrøftingar med UiS, først og fremst på teknologiområdet. HiB gjekk i 2010 inn i ein samarbeidsavtale med UiS med potensial for vidareutvikling av fagleg samarbeid som strekkjer seg ut over teknologiområdet.

HiB har no eit noko meir strategisk perspektiv på SAK-prosessar enn tidlegare. Mellom anna må det faglege samarbeidet i større grad inkludere praksisfeltet. Dette samarbeidet kan vere forankra i **bilaterale avtalar**, som til dømes med Helse Vest, Helse Bergen og Bergen kommune – og andre statlege og private høgskolar i regionen. HiB har etablert spissmiljø innan omsorgsforsking og kunnskapsbasert praksis. Desse miljøa spelar og vil spele ei sentral rolle i kompetanseoverføringa mellom forsking og utvikling og praksisfeltet. HiB har så langt etablert masterstudiar i kunnskapsbasert praksis, samfunnsarbeid, klinisk fysioterapi og klinisk sjukepleie. Eit masterstudium innan eldreomsorg er under utvikling saman med institusjonar både innanfor og utanfor UH-Nett Vest.

Det er ei stor utfordring for helse- og omsorgstenesta at delen eldre er aukande. Det vert stadig fleire friske eldre, men også fleire eldre med behov for bistand og fleire sjuke eldre. Dette betyr at behovet for kompetanse på dette området er aukande. Det vil vere behov for fleire som kan yte tenester til eldre, og for forskings- og utviklingsarbeid som kan bidra i kompetanseutviklinga knytt til behova til den eldste delen av befolkninga.

Regionalt er det naturleg at dei private diakonale høgskolane i Bergensområdet er med i dette arbeidet. Utviklinga av mastergraden vil dra nytte av samarbeid med Senter for omsorgsforskning Vest-Norge – eit senter som dei same institusjonane er partnarar i og som er lokalisert til HiB.

Høgskolen er i tillegg involvert i fleire samarbeidsprosessar knytt til innovasjon og nyskaping. Dette er omtala under delmål 3.3.5 (Senter for nyskaping) og under *Arbeidet med stimulering og tilrettelegging for innovasjon og entreprenørskap*.

HiB inngår i SAK-prosessane som eit ledd i det strategiske arbeidet for fagleg kvalitetsutvikling, og derigjennom ei framtidig realisering av universitetsambisjonen. Ved å bygge ein fagleg sterke høgskole gjennom samarbeidsprosessar i samspel og komplementaritet til andre høgare utdannings- og forskingsinstitusjonar i regionen, vil også høgskolen med sin eigenart styrke rolla si som ein viktig aktør i vidareutviklinga av og i regionen.

Høgskolen i Bergen ønskjer derfor å ta eit primæransvar for å vidareføre SAK-prosessane i Region Vest for å vidareutvikle den nye grunnskolelærarutdanninga. Dersom nødvendige midlar vert stilte til disposisjon for høgskolen vil ein også kunne ta på seg eit regionalt ansvar for å vidareutvikle profesjonsrelaterte forskings- og utdanningsoppgåver både innan helse- og sosialfaga og innan ingeniørfaga i tillegg til lærarutdanninga, først og fremst gjennom etableringa av profesjonsretta mastergradar, knytt til grunnskolelærarutdanning, ulike kliniske spesialitetar, eldreomsorg og teknologifag/sivilingeniørutdanning.

Anslag ressursbehov:

Ny grunnskolelærarutdanning innan Region Vest: 3 mill. kroner (vidareføring av samarbeid med andre høgskolar i regionen)

Tilsvarande for vidareutvikling av førskolelærarutdanninga innan Region Vest i samarbeid med andre høgskolar: 3 mill. kroner

Vidareutvikling av samarbeid innan helse- og sosialfaglege utdanninger og forsking: 3 mill. kroner

Vidareutvikling av TEKNO-samarbeidet til mastergrad/sivilingeniørutdanning i regionen: 3 mill. kroner

SAK-prosessar samla: 12 mill. kroner

Større investeringsprosjekt

Høgskolen sitt nybygg på Kronstad er planlagt for 4400 studentar og 500 tilsette. Etter at bygget vart planlagt har høgskolen opplevd ein stor vekst, og reknar med å fortsetje denne veksten til om lag 8000 studentar og 800 tilsette i 2014. Ein kan også rekne med ytterlegare vekst etter dette.

Høgskolen arbeider derfor for å oppnå aksept og løvying for ei vidareutvikling av Campus Kronstad for å sikre høgskolen sine noverande og framtidige behov for ekspansjon i området.

Samfunnstryggleik og beredskap

Høgskolen sin beredskapsplan vart sist oppdatert 30.09.2010, og krisehandtering vert basert på denne. Ein arrangerer årleg beredskapsøvingar. Høgskolen har også ein eigen pandemiplan.

I 2010 arbeidde høgskolen med å få på plass eit ekstra serverrom. Dette vert gjort for å sikre betre tilgjengeleghet på verksemdeskritiske tenester, lagring og nettverk. Høgskolen arbeidde også med å følgje opp anbefalingar etter ein sikkerheitsgjennomgang UNINETT gjennomførte i 2009. Dette innebar mellom anna sikring av tenester og brukardata ved segmentering av nettverk, forbetra overvakning og innføring av betre loggføring av hendingar og endringar på systema.

Rapportering om forvalting av fullmaktar

Høgskolen i Bergen har eigarskap i to selskap. Ingen av desse har lagt opp til forretningsmessig vinst. Det visast elles til delmål 3.2.3.

ÅRSPLAN 2011

Innleiing

Årsplanen er eit viktig styringsdokument for Høgskolen i Bergen. I samband med utarbeidninga av årsplanen gjer leiinga risikovurderingar som legg grunnlaget for dei prioriteringane av tiltak som vert gjort gjennom året. Årsplanen vert bygd opp etter strukturen med sektormål og verksemndsmål som er gjeve av Kunnskapsdepartementet (KD). Som i 2010 har høgskolen i tillegg vald å definere eigne delmål under kvart verksemndsmål.

Hausten 2010 vedtok styret ny strategisk plan for høgskolen. Planen vart gjort gjeldande frå 1. januar 2011. I den strategiske planen har høgskolen uttrykt høge ambisjonar for kvalitet i utdanning, forsking, utvikling og nyskaping. Ambisjonane peiker mot det framtidige målet om å byggje tilstrekkeleg kvalitet og kompetanse til å verte eit universitet med forsking, utviklingsarbeid og formidling retta mot dei yrka høgskolen utdannar for. Årsplanen for 2011 byggjer på den nye strategiske planen.

Høgskolen har arbeidd med å integrere risikovurderingar i prosessen med utviklinga av årsplanen. Ein stor del av tiltaka som er ført opp i planen har komme fram som resultat av risikovurderingar i høve til kva som kan hindre måloppnåing. Høgskolen sitt risikosystem går fram av vedlegg til årsplanen. Gjennom prosessen med risikovurdering har høgskolen identifisert dei 10 risikoane som vil vere dei viktigaste for høgskolen i 2011, og desse vil verte spesielt følgje opp gjennom året.

Årsplanen er godt forankra i høgskolestyret, som fekk forslag til delmål til handsaming i november 2010 og utkast til ferdig årsplan i desember 2010, før planen vart vedteken i februar 2011. Før handsaminga i styret vart årsplanen drøfta i fleire leiarmøte ved høgskolen og utforma i samspel med avdelingane, og etter innspel frå fagmiljø på enkelte område. Styret vil få ein statusrapport om oppfølginga av årsplanen og dei viktigaste risikoane til handsaming midtvegs i året.

Årsplanen er på eit overordna nivå, og ligg til grunn for årsplanane til avdelingane. Nokre av delmåla fra 2010 er vidareførte i årsplanen for 2011, andre målsettingar er tekne eitt steg lengre i denne planen, medan andre igjen er heilt nye. Til grunn for ein stor del av delmåla ligg det overordna målet om å byggje kompetanse og kvalitet for å kunne tilfredsstille krava til å søkje om universitetsstatus nokre år fram i tid. I tillegg kjem samlokaliseringa på Kronstad i 2014, og med det følgjer at høgskolen er på veg inn i ein omstillingsperiode. Desse føringane ligg også bak utforminga av fleire av delmåla.

Sektormål 1

Universitet og høgskolar skal tilby utdanning av høg internasjonal kvalitet som er basert på det fremste innanfor forsking, fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid og erfaringeskunnskap.

Innleiing

Den faglege hovudprofilen ved Høgskolen i Bergen er konsentrert om profesjonsorienterte grunnutdanninger. I 2011 skal denne profilen vidareutviklast og betrast. Tilførsel av nye frie studieplassar i 2011 gir dessutan høgskolen eit godt grunnlag for å følgje opp dei fagleg strategiske ambisjonane og vidareutvikle porteføljen av mastergradar. Dette vil vere av stor tyding for å byggje kvalitet inn i grunnutdanningane og for å underbygge utvikling av doktorgradsplattformene. På sikt vil høgskolen med dette kunne rekruttere eit velkvalifisert fagpersonale som har basis i grunnutdanningane og er rekrutterte gjennom praksisrelaterte masterutdanninger til doktorgrad.

For den framtidige utviklinga til Høgskolen i Bergen er det avgjerande at høgskolen greier å oppretthalde eit godt omdømme. Ikke minst er det viktig å ha eit godt omdømme blant tidlegare, neverande og framtidige studentar og blant arbeidsgjevarane til kandidatane frå høgskolen. Eit godt omdømme bidreg til høg inntakskvalitet, noko som igjen har positiv innverknad på gjennomstrømming blant studentane, og både høg inntakskvalitet og god gjennomstrømming er blant målsettingane for høgskolen. Ein viktig faktor for eit godt omdømme blant studentane er at høgskolen har høg pedagogisk kvalitet i undervisninga, noko som er reflektert både i strategisk plan for 2011-2016 og i årsplanen for 2011. Høgskolen planlegg å söke om ein pilot for Senter for framifrå utdanning i 2011.

Høgskolen skal utdanne kandidatar som er kjende i arbeidsmarknaden for høg kvalitet og som har kunnskap som er relevant for dei yrka dei utdannar seg for. Innføringa av kvalifikasjonsrammeverket skal bidra til å styrke relevansen i utdanningane, og høgskolen har som målsetting å implementere dette innan 2012. Kandidatane frå høgskolen skal òg i størst mogleg grad reflektere befolkninga i høve til kjønnsbalanse og kulturelt mangfold. Også dette kan ein sjå i målsettingar i strategisk plan og årsplan. Samfunnet og studentar i grunnutdanningane spør i stadig større grad etter utdanning på masternivå, og i tråd med denne etterspørselen satsar høgskolen på å utvikle neverande og nye mastergradar.

Høgskolen starta i 2010 arbeidet med å identifisere internasjonale hovudsamarbeidspartnarar. Dette arbeidet skal høgskolen følgje opp i 2011 med å styrke samarbeidet med desse partnarane. I samsvar med strategisk plan skal høgskolen også styrke arbeidet med å utvikle internasjonalisering heime og å auke talet på innkomande studentar.

Verksemadmål 1.1

Universitet og høgskolar skal utdanne kandidatar med høg kompetanse med relevans for samfunnets behov.

Delmål 1.1.1

Høgskolen skal utdanne kandidatar som er etterspurde på arbeidsmarknaden.

Tiltak:

- Gjennomføre Kandidatundersøkinga i samarbeid med Karrieresenteret.
- Gjennomføre relevansundersøking.
- Definere tiltak basert på funn frå undersøkingane.

Delmål 1.1.2

Høgskolen skal ha høg inntakskvalitet på alle utdanningane.

Tiltak:

- Byggje godt omdømme gjennom høg fagleg kvalitet, relevans og internasjonalisering i utdanningane.
- Drive aktiv marknadsføring og rekruttering til utdanningane i trykksaker, på nettsidene, på messer, ved skolebesøk etc.
- Avstemme opptak i førsteopptaket betre med overbooking.

Delmål 1.1.3

Høgskolen skal etablere og auke opptaket til masternivå innan strategisk viktige område som byggjer opp under grunnutdanningane.

Tiltak:

- Drive aktiv talentspeiding på bachelornivå.

Delmål 1.1.4

Høgskolen skal oppnå betre kjønnsbalanse og større kulturelt mangfold blant studentane.

Tiltak:

- Drive særskilt marknadsføring av utdanninger med skeiv kjønnsbalanse.
- Drive aktiv marknadsføring retta mot søkerar med annan kulturell bakgrunn enn norsk.
- Søkje lærdom hos institusjonar som har større erfaring med å rekruttere studentar med anna kulturell bakgrunn enn norsk.

Styringsparameter verksemadmål 1.1

Styringsparameter	Resultat			Resultatmål 2011
	2008	2009	2010	
Talet på kvalifiserte førstevalssøkarar per studieplass (KD)		2	2,21	2,3

Verksemdsmål 1.2

Universitet og høgskolar skal tilby eit godt læringsmiljø med undervisnings- og vurderingsformer som sikrar fagleg innhald, læringsutbyte og god gjennomstrømming.

Delmål 1.2.1

Alle utdanningane skal vere i rute i høve til plan for å implementere kvalifikasjonsrammeverket i fag- og studieplanar innan 2012.

Tiltak:

- Sikre fagleg styring og prioritering av arbeidet.
- Avsetje tid og ressursar til arbeidet med kvalifikasjonsrammeverket.
- Involvere fagutval, studiekvalitetsutval og utdanningsutvalet.

Delmål 1.2.2

Høgskolen skal følgje opp NOKUT-evalueringar av utdanningar og av kvalitetssystemet.

- Sikre ein synleg prosess for oppfølging av evalueringane.

Delmål 1.2.3

Høgskolen skal vidareutvikle den pedagogiske kvaliteten.

Tiltak:

- Setje av midlar til å vidareutvikle undervisningsprogrammet i kurset i høgskolepedagogikk.
- Setje av midlar til å gjennomføre undervisninga i kurset i høgskolepedagogikk.
- Sørgje for at alle nytilsette som ikkje har pedagogisk kompetanse deltek på kurs i høgskolepedagogikk.
- Opprette ressursgruppe for utvikling av pedagogisk kvalitet ved høgskolen.
- Søkje om pilot til senter for framifrå utdanning.

Delmål 1.2.4

Høgskolen skal auke gjennomstrømminga blant studentane i utdanningar med for låg gjennomstrømming.

Tiltak:

- Sikre at høgskolen sitt system for kvalitetssikring av utdanningane vert følgt opp gjennom evalueringar, tilbakemeldingar, rapportering og forbetringstiltak.
- Legge til rette slik at studentar med annan kulturell bakgrunn enn norsk kan gjennomføre studia på ein god måte.
- Gjennomføre tiltak for å betre den pedagogiske kvaliteten – sjå delmål 1.2.2.
- Gjennomføre tiltak for å oppnå høg inntakskvalitet – sjå delmål 1.1.2.

Styringsparameter verksemds mål 1.2

Styringsparameter	Resultat			Resultatmål 2011
	2008	2009	2010	
Talet på nye studiepoeng per eigenfinansiert heiltidsekquivalent per år (KD)	50,5	51,3	48,4	50
Talet på studentar per undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling (KD)	14,3	15,4	15,2	15
Gjennomføring etter avtalte utdanningsplanar (KD)	87,8	90,8	91,1	92
Studiepoengproduksjon for høgskolen totalt (HiB)	4796	5111	4990	5100

Verksemdsmål 1.3

Universitet og høgskolar skal ha eit omfattande internasjonalt utdanningssamarbeid av høg kvalitet, som medverkar til auka utdanningskvalitet.

Delmål 1.3.1

Høgskolen skal i løpet av 2011 ha styrka samarbeidet med dei internasjonale hovudsamarbeidspartnarane.

Tiltak:

- Styrke leiinga av det faglege internasjonaliseringssarbeidet ved avdelingane.
- Avsetje ressursar til å vidareutvikle det internasjonale samarbeidet.
- Identifisere kva kompetanse og ressursar som trengs for å utvikle internasjonaliseringssarbeidet for å nå måla i strategisk plan.
- Byggje kompetanse for å kunne utvikle internasjonale fellesgradar.
- Identifisere område der høgskolen vil byggje opp internasjonale studietilbod.
- Utarbeide handlingsplan for internasjonalisering i forsking og utdanning for å følgje opp måla i strategisk plan.

Delmål 1.3.2

Alle fag- og studieplanar må integrere internasjonaliseringsspektret for å styrke kvalitet og relevans gjennom ”internasjonalisering heime”.

Tiltak:

- Arrangere seminar i samband med fagplanarbeidet om ”internasjonalisering heime”, der både utdanning og forsking er tema.
- Skape merksemd rundt temaet ”internasjonalisering heime” blant dei tilsette, gjennom mellom anna informasjon på intranettet, fokus på gode døme og å ha det som tema i møte.

Delmål 1.3.3

Høgskolen skal ha ein auke i tilbodet til internasjonale studentar.

Tiltak:

- Avsetje ressursar til oppbygging av internasjonal kompetanse.
- Gjennomføre engelskkurs som gjev kompetanse i å undervise på engelsk.

Styringsparameter verksemds mål 1.3

Styringsparameter	Resultat			Resultatmål 2011
	2008	2009	2010	
Talet på utvekslingsstudentar (ut/innreisande) (KD)	220/42	197/68	245/76	250/85
Talet på framandspråklege utdanningstilbod (KD) ¹²	18	33	32	38
Talet på studietilbod i samarbeid med utanlandske institusjonar (fellesgradar/Joint Degrees) (KD)	0	0	0	0
Utreisande tilsette innan Erasmus og Nordplus (HiB)	61	63	50	65

¹² I 2010 hadde høgskolen eigentleg 40 utdanningstilbod/emne som vart undervist på engelsk, og for 2011 er talet eigentleg 46, men ein del av desse tilboda har ikkje vorte registrert på ein slik måte at dei kjem fram i DBH-tala.

Sektormål 2

Universitet og høgskolar skal oppnå resultat av høg internasjonal kvalitet i forsking, fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid.

Innleiing

I Strategisk plan for Høgskolen i Bergen 2011-2016 står det at høgskolen skal byggje kompetanse og utvikle fagleg kvalitet til å kunne bli eit universitet med FoU og formidling retta mot dei profesjonane høgskolen utdannar for. For å oppnå dette er det avgjerande at høgskolen byggjer opp forskingskompetanse med høg kvalitet. Årsplanen for 2011 vidarefører derfor mange av satsingane frå årsplanen for 2010 knytt til forsking, utvikling og nyskaping. Det er spesielt viktig for høgskolen å vidareutvikle dei tre doktorgradsområda som vart identifiserte i 2010. I 2011 skal høgskolen òg arbeide for å identifisere eit fjerde område for utvikling av profesjonsretta doktorgradsutdanning. I samsvar med strategisk plan skal denne doktorgraden vere overbyggjande og tverrfagleg.

Høgskolen skal fortsetje å stimulere til auka publisering blant dei tilsette. Høgskolen skal dessutan vidareutvikle forskarskoleplattforma som vart etablert i 2010, for å sikre progresjon i doktorgradsutdanninger og ivareta interessene til stipendiatane på ein god måte. Det er òg viktig å fortsetje arbeidet med å auke den eksterne finansieringa av forskinga, gjennom å søkje støtte frå mellom andre Norges forskningsråd, EU sitt sjuande rammeprogram og Regionalt forskingsfond.

I 2011 skal høgskolen utvikle ein 5-årsstrategi for forsking, utvikling og nyskaping basert på Handlingsplan for forsking, utvikling og nyskaping 2008-2010. Strategien skal forankrast i strategisk plan 2011-2015.

Verksemndsmål 2.1

Universitet og høgskolar skal gjennom nasjonalt og internasjonalt samarbeid tilby forskarutdanning av høg kvalitet. Forskarutdanninga skal vere innretta og dimensjonert for å ivareta behova i sektoren og i samfunnet elles.

Delmål 2.1.1

Høgskolen skal i løpet av 2011 ha implementert handlingsplanen for forskarskoleplattforma som vart utvikla i 2010.

Tiltak:

- Utvikle eigne doktorgradsprogram.
- Setje av driftsmidlar til å implementere forskarskoleplattforma.
- Fortsetje vektlegginga av å auke kvaliteten i alle ledd i eigen rettleiing og oppfølging av stipendiatane.
- Etablere tett samarbeid med doktorgradsinstitusjonane.
- Delta i nasjonale og internasjonale forskarskolar.
- Initiere opplæring av rettleiarar internt.

Delmål 2.1.2

Høgskolen skal i løpet av 2011 i) ha fått tilsett minst 6 eksternt finansierte stipendiatar; ii) ha minst 6 fleire stipendiatar tilsett på basisfinansiering enn det departementet har gitt øyremerka løyving til.

Tiltak:

- Auke innsatsen på innhenting av ekstern finansiering til forsking.
- Øyremerke strategiske midlar til stipendiatstillingar.

Styringsparameter verksemndsmål 2.1

Styringsparameter	Resultat			Resultatmål 2011
	2008	2009	2010	
Talet på uteksaminerte doktorgradskandidatar, per undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling (KD)	0,020 (9 stk)	0,018 (8 stk)	0,025 (11 stk)	0,013 (6 stk.)
Delen uteksaminerte doktorgradskandidatar av personar teke opp på doktorgradsprogram seks år tidlegare (KD)	0,3 (2 av 7)	0,8 (5 av 6)	0,8 ¹³ (5 av 6)	0,7 (4 av 6)

¹³ Delen uteksaminerte doktorgradskandidatar perioden 2004-2010 av personar teke opp på doktorgradsprogram seks år tidlegare (2004).

Verksemdsmål 2.2

Dei statlege høgskolane har eit særskilt ansvar for profesjonsretta forsking, utviklingsarbeid, kompetanseutvikling og nyskapande verksemd i regionane. Samtidig skal dei statlege høgskolane innrette sin forskingsinnsats slik at dei oppnår resultat av høg internasjonal kvalitet innan fagområde dei tildeler doktorgrad, og samarbeide nasjonalt og internasjonalt om forsking og utviklingsarbeid.

Delmål 2.2.1

Høgskolen skal i løpet av 2011 ha utvikla konsepta for dei tre identifiserte områda for profesjonsretta doktorgradsprogram, og ha sendt søknad til NOKUT om godkjenning av eit av desse.

Tiltak:

- Sikre avsettingar av strategiske midlar til forskingsprogram for utvikling av doktorgradsområda.
- Auke innsatsen i høve til innhenting av eksterne forskingsmidlar til utvikling av doktorgradsområda.
- Konsentrere FoU-tid inn mot forskingsprogramma, med krav til vitskapleg publisering.
- Utvikle ein plan for rekruttering av professorar til doktorgradsområda.
- Øyremerke midlar til professorkvalifisering inn mot doktorgradsområda.
- Vidareutvikle incentivordning for vitskapleg publisering.
- Øyremerke midlar til nasjonalt og internasjonalt samarbeid.
- Knyte til seg internasjonale hovudsamarbeidspartnarar for utvikling av doktorgradsområda.
- Utvikle bibliotekfagleg kompetanse knytt til forskingsføremål; tilsetje forskningsbibliotekar.

Delmål 2.2.2

Høgskolen skal i løpet av 2011 identifisere eit fjerde område for søknad om profesjonsretta doktorgradsprogram.

Tiltak:

- Innby til innspelskonferanse.

Delmål 2.2.3

Vitskapleg publisering, målt i publikasjonspoeng, skal auke med 10 % samanlikna med 2010.

Tiltak:

- Vidareutvikle incentivordning for vitskapleg publisering.
- Legge auka vekt på krav til publisering ved tildeling av FoU-tid.
- Legge til rette for samanhengande FoU-tid.
- Gi opplæring og etablere kollegarettleiring i publisering.
- Stimulere til nasjonalt og internasjonalt samarbeid.
- Legge til rette for fagleg progresjon hos stipendiatane (jf. delmål 2.1.1).

Delmål 2.2.4 Totale midlar frå Norges forskningsråd skal auke med minst 20 % samanlikna med 2010.

Delmål 2.2.5 Høgskolen skal sende søknad om hovudprosjekt til Regionalt forskingsfond.

Delmål 2.2.6 Høgskolen skal delta i minst to søknadar til EU sitt Sjuande rammeprogram for forsking.

Tiltak 2.2.4-2.2.6:

- Gi informasjon om utlysingar og opplæring i skriving av søknadar.
- Rekruttere vitskapleg personale med prosjekterfaring.
- Etablere kollegarettleiring gjennom sentra.
- Stimulere til nasjonalt og internasjonalt samarbeid.

Styringsparameter verksemds mål 2.2¹⁴

Styringsparameter	Resultat			Resultatmål 2011
	2008	2009	2010	
Tildelingar frå Forskningsrådet per undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling (KD)	14,05	19,05	16,82	20
Tildelingar frå EU per undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling (KD)	0	0	0	0

¹⁴ Styringsparametaren ”Talet på publikasjonspoeng per undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling” går ut ved denne rapporteringa, fordi rapporteringstala ikkje er klare ved rapporteringstidspunktet. Årsaka er at fristen for rapportering av publikasjonar for 2010 er satt til 1. april 2011 på grunn av innføringa av Cristin. Av same grunn går også høgskolen sin eigendefinerte styringsparameter, talet på publikasjonar, ut ved denne rapporteringa.

Sektormål 3

Universitet og høgskolar skal medverke til å spreie og formidle resultat frå forsking og fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid og bidra til innovasjon og verdiskaping basert på desse resultata.
Universitet og høgskolar skal òg legge til rette for at tilsette og studentar kan delta i samfunnsdebatten.

Innleiing

Høgskolen i Bergen legg stor vekt på å formidle sine resultat frå forskings- og utviklingsarbeid i mange forskjellige fora, og planlegg å auke både brukar- og allmennretta formidling i 2011. Gjennom formidling vil høgskolen bidra til samfunnsutviklinga. I Strategisk plan 2011-2015 vert det òg slått fast at høgskolen skal vere ein sentral samarbeidspartner og aktør i det regionale samfunns- og næringslivet, og at høgskolen skal tilby den kompetansen samfunnet treng til rett tid. Iverksetjinga av ein ny handlingsplan for samhandling med samfunns- og næringsliv i 2011 skal bidra til å styrke denne rolla.

Nyskaping skal vere ein viktig del av utdannings- og FoU-verksemda ved høgskolen. Eit utslag av nyskaping kan vere kommersialisering, og høgskolen har som målsetting å etablere nye rutinar og retningsliner for innhenting av kommersialiserbare idéar frå forskings- og utviklingsaktiviteten.

Utfordringane ved utviklinga av ei mettingsdykkerutdanning i Bergen er store, og høgskolen vil i 2011 fortsetje å arbeide for at dette skal verte fullfinansiert av Kunnskapsdepartementet og næringslivet.

Høgskolen sine faglege senter skal i 2011 fortsetje å utvikle og profilere seg som sentrale forskings- og kompetancesenter regionalt, nasjonalt og internasjonalt.

Verksemdsmål 3.1

Universitet og høgskolar skal gjennom formidling og deltaking i offentleg debatt tilføre samfunnet resultata frå forsking og utviklingsarbeid.

Delmål 3.1.1

Omfanget av brukar- og allmennretta FoU-formidling skal auke med 5 % samanlikna med 2010.

Tiltak brukarretta formidling:

- Stimulere til aktiv bruk av BORA og relevante kanalar.
- Utvikle videopubliseringssverktøy som ledd i førebuing til etablering av Senter for framifrå utdanning i lærarutdanninga.
- Sentera ved høgskolen skal bidra til forskingsbasert kunnskapsutvikling og kompetanseoverføring.

Tiltak allmennretta formidling:

- Arbeide strategisk med allmennretta forskingsformidling.
- Delta på Forskingdagane og levere til forskning.no.
- Utvikle nye internetsider for FoU-verksemda.

Høgskolen sin eigendefinerte kvantitative styringsparameter for formidling:

Total registrering av publisering samt brukar- og allmennretta formidling i FORSKDOK

Styringsparameter	Resultat			Resultatmål 2011
	2008	2009	2010	
Total registrering av publisering samt bruker- og allmennrettet formidling i ForskDok (HiB)	732	846	973 ¹⁵	1000

¹⁵ Ikkje kvalitetssikra tal før april 2011.

Verksemadmål 3.2

Universitet og høgskolar skal medverke til samfunns- og næringsutvikling gjennom utdanning, innovasjon og verdiskaping.

Delmål 3.2.1

Høgskolen skal setje i verk ny handlingsplan for samhandling med samfunns- og næringsliv.

Tiltak:

- Styrke og utvikle vidare samarbeidet med i) kommunal og fylkeskommunal sektor for dei praksisfelt som høgskolen utdannar for, ii) spesialisthelsetenesta, iii) næringslivet og iv) aktørar for næringsutvikling og innovasjon.
- Styrke internasjonalt samarbeid og rådgjeving til eigne fagmiljø.

Delmål 3.2.2

Høgskolen skal ha eit aktivt eigarskap i Bergen Vitensenter as og i NCE Subsea drift as, for å sikre god integrering med kjerneverksemda til høgskolen.

Tiltak:

- Legge aktivt til rette for å auke interessa i fagmiljøa for aktivitetane som selskapa har ansvar for, og for å auke kontakten med selskapa.

Delmål 3.2.3

Høgskolen skal etablere nye rutinar og retningslinjer for innhenting av kommersialiserbare idéar frå forskings- og utviklingsaktiviteten.

Tiltak:

- Drive felles informasjon og oppsøkjande verksemd i fagmiljøa.
- Tilrettelegging ved Senter for nyskaping.
- Samarbeide med BTO.

Delmål 3.2.4

Høgskolen skal arbeide for å oppnå fullfinansiering av mettingsdykkar-utdanninga frå KD og næringslivet.

Tiltak:

- Synleggjere kostnadane og kvalitetssikre prosessar fram til dykkekla- lekter.
- Halde god dialog med KD og oljeselskapa med tanke på deling av kostnadane mellom desse to partane.

Styringsparameter verksemadmål 3.2

Styringsparameter	Resultat			Resultatmål 2011
	2008	2009	2010	
Delen oppdrags- og bidragsfinansiert aktivitet i høve til samla driftsinntekter (KD)	8,8 %	8,1 %	6,9 %	6,5 %
Talet på nyopprettet selskap (KD)	0	0	0	1
Talet på forretningsidear (KD)	0	0	1	3

Verksemdsmål 3.3

Fag- og forskingssentera ved høgskolen skal vere ein regional og nasjonal drivkraft innanfor sine fagområde. Sentera skal kunne bidra med sin eigen kompetanse på tvers av avdelingane (HiB sitt eige verksemdsmål).

Delmål 3.3.1

Høgskolen skal vidareutvikle sentera som synlege fag- og forskingssenter i både eit lokalt, nasjonalt og internasjonalt perspektiv.

Tiltak:

- Leggje til rette for ei hensiktsmessig grunnfinansiering av sentera.
- Gjennomgå stillingsstruktur for vidareutvikling av kompetanseprofilen.
- Sentera skal delta i utvikling av doktorgradsprogram og mastergradsprogram.
- Sentera skal samarbeide tett med Seksjon for forsking og eksterne samhandling om tverrfaglege initiativ og søknadar om eksterne midlar til FoU og etter- og vidareutdanning.
- Sentera skal vere aktive i Regionale forskingsfond, NFR o.a. i høve til innhenting av eksterne midlar.
- Utvikle samarbeidet mellom sentera og med miljø på tvers av avdelingane.

Sektormål 4

Universitet og høgskolar skal organisere og drive verksemda si på ein slik måte at samfunnsoppdraget vert best mogleg ivareteke innanfor ramma av disponibele ressursar.

Innleiing

